

The background image shows a stunning sunset over a calm lake. The sky is filled with wispy clouds colored in shades of orange, red, and yellow, which are perfectly reflected in the dark blue water below. In the distance, a range of mountains is visible against a darker sky.

Årsrapport 2023

Askvoll kommune

Innhold

1	Innleiing.....	2
2	Befolkningsutvikling.....	3
3	Næring og sysselsetting.....	6
4	Organisering.....	12
5	Sentraladministrasjonen.....	13
6	Oppvekstetaten.....	19
7	NAV	30
8	Helse og omsorg	34
9	Bygg og eigedom.....	52
10	Teknisk drift.....	58
11	Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad	63
12	Driftssentralen	76
13	Politikk og lokaldemokrati	79
14	Interkommunale samarbeid.....	83
15	Eigarskap.....	88

1 Innleiing

2023 kjem til å gå inn i historia som eit år der trendane gjekk i feil retning; meir krig og konflikt, dyrtid og tap av naturmangfold var saker som prega nyheitene. Og for oss som kommune merkar vi desse sakene godt.

Vi tok imot fleire ukrainske flyktningar per innbyggjar enn nokon anna kommune over 2000 innbyggjarar i Vestland. Dette er noko som syner kva vi får til i ein liten kommune, men det er og krevjande for dei som skal yte tenester ute. Det er knytt stor usikkerheit til dei ukrainske flyktningane med tanke på kor lenge dei vert verande, og vi ser no i 2024 at ein del vel å reise heimatt.

Dyrtid pregar oss, som alle andre i samfunnet, og vi ser både stor auke i sosialhjelpsmottakarane og kommunale kostnadene. Vi har på få år gått frå årlege renteutgifter på 6 MNOK til 18,8 MNOK, noko som er utfordrande for ein liten kommuneøkonomi.

I året som gjekk fekk mange seg ein augeopner med serien «oppsynsmannen» på NRK. Naturmangfold vart eit ord som vart daglegdags, og vi ser eit stadig aukande medvit om korleis vi må forvalte ressursane våre. Vi fekk vedtak på kommuneplanen sin samfunnsdel i 2023, den set føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som vi har starta opp arbeidet med. Både klima og naturmangfold vil legge sterke føringar på korleis den må sjå ut til slutt.

Vi har jamt over gode tenester, og vi er stabile på dei målingane der vi kan samanlikne oss med andre kommunar. I denne rapporten har vi nytta Kommunebarometeret som samanlikningsgrunnlag. Den tek utgangspunkt i fleire kjelder, ikkje berre KOSTRA-tal. Måltala er det som KS/Kommunal rapport meiner er dei viktigaste innan kvart felt for å indikere tenestekvalitet. Det er på ingen måtar ein fasit, men kan gje oss ein moglegheit til å sjå kor vi skil oss frå andre kommunar og eventuelt gjere endringar for å få betre kvalitet på tenestene våre.

2 Befolkningsutvikling

2.1 Utvikling i befolkning i 2023


	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av året	3 011	2 991	2 951	2 949
Fødde	20	30	20	19
Døde	36	42	42	39
Fødselsoverskot	-16	-12	-22	-20
Innvandring	22	20	33	50
Utvandring	13	13	7	16
Innflytting, innanlands	77	85	99	118
Utflytting, innanlands	91	120	107	94
Netto innvandring og flytting	-5	-28	18	58
Folkevekst	-20	-40	-2	37
Folketalet ved utgangen av året	2 991	2 951	2 949	2 986

Askvoll kommune auka folketalet med 37 personar i 2023, auken er i stor grad relatert til innvandring. Fødselsunderskotet held fram, og vi må rekne med at fødselstala i stor grad er uendra framover, og på sikt fallande.

2.2 Alderssamansettning

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 - åringar	26	25	27	27	21	28	20	18
Barnehage (1-5 år)	177	171	152	150	148	141	146	145
Grunnskole (6-15 år)	348	351	367	361	352	347	358	375
Vidaregåande (16-19 år)	154	160	161	161	153	144	134	136
Vaksne (20-66 år)	1 677	1 651	1 638	1 604	1 596	1 573	1 581	1 586
Eldre (67-79 år)	446	450	459	470	477	487	480	502
Eldre (80-89 år)	177	193	191	198	190	179	179	175
Eldre (90 år og eldre)	60	51	43	40	54	52	51	49
Total	3 065	3 052	3 038	3 011	2 991	2 951	2 949	2 986

Saman med fødselsunderskotet kjem og endringane i demografi sigande. Eldrebølga er noko som stadig vert omsnakka, og for Askvoll sin del er ikkje dette noko teoretisk som kjem inn i framtida, men noko vi står midt oppe i. 2020 vart ein merkeår for kommunen, for første gong vart det fleire over 67 år enn under 20 år i kommunen, og trenden vil halde fram.



2.3 Befolkningsprognose

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
0 - åringar	18	23	23	23	22	22	22	22	22	22	22
Barnehage (1-5 år)	145	142	132	134	128	127	126	126	126	126	126
Grunnskole (6-15 år)	375	334	328	330	321	310	313	305	294	291	289
Vidaregåande (16-19 år)	136	128	131	123	131	136	124	133	129	124	125
Vaksne (20-66 år)	1586	1505	1484	1458	1445	1426	1425	1403	1401	1396	1378
Eldre (67-79 år)	502	498	517	521	520	531	522	515	513	518	516
Eldre (80-89 år)	175	196	198	203	209	216	228	244	256	256	267
Eldre (90 år og eldre)	49	51	46	53	57	55	53	55	52	51	52
Total	2986	2877	2859	2845	2833	2823	2813	2803	2793	2784	2775

Befolkningsprognose SSB, middelalternativet

Når vi ser på SSB sine framskrivingar so ser vi at dei ikkje stemmer med folketalet i dag. Noko av dette skriv seg frå busetting av flyktingar, men og sterkt bustadattraktivitet gjer at vi kjem betre ut enn spådommen frå SSB.

Men det som vi ser kjem til å inntreffe, sjølv om vi ser at prognosene i si heilskap ikkje vert rett, er at vi får ei stadig meir aldrande befolkning. Dette gjer at forholdstalet på dei som skal få tenester og dei som skal yte tenester vert dårlegare. Og nettopp dette er vårt store problem. Eldrebølga kan enkelt oppsummerast med at vi for 10 år sidan hadde 10-15 sokjarar på stillingar der vi no har ein eller to. Og situasjonen vil diverre ikkje betre seg, då dei andre kommunane og kjem til å kome i same situasjon, om dei ikkje allereie er der.

3 Næring og sysselsetting

3.1 Næringsstruktur, arbeidsplassutvikling og kompetansebehov

Tal på personar som arbeider i Askvoll har vore relativt stabilt siste ti åra. Om lag 17 prosent arbeider i primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske. Dette skil seg mykje frå resten av fylket der berre 2,8 prosent er sysselsett i primærnæringane. Om lag 16 prosent arbeider i sekundærnæringar som industri og bygg- og anlegg. Dette er under snitt for fylket som ligg på om lag 22 prosent. 65 prosent arbeider innan tertiærnæringane (t.d. privat og offentleg tenesteyting, handel, transport og kommunikasjon og reiselivsverksemde), mot 76 prosent i heile fylket. Sysselsette innan reiselivet i kommunen utgjer om lag 4,5 %.

Dei største endringane sidan 2015 finn vi i tertiærnæringane der t.d. undervisning og helse- og sosialtenester har auka med 33 personar, medan primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske har hatt ein nedgang på 30 personar i same periode.

Næringsområde	2015	2022	2023
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	218	205	188
05-09 Bergverksdrift og utvinning	3	-	-
10-33 Industri	57	82	82
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	9	-	-
41-43 Bygge- og anleggsverksemde	117	103	97
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	100	89	94
49-53 Transport og lagring	89	77	73
55-56 Overnattings- og serveringsverksemde	20	-	12
58-63 Informasjon og kommunikasjon	3	-	-
64-66 Finansiering og forsikring	6	0	-
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	33	53	57
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	7	17	17
84 Off. adm., forsvar, sosialforsikring	44	36	43
4385 Undervisning	101	122	125
86-88 Helse- og sosialtenester	263	274	272
90-99 Personleg tenesteyting	20	16	20
00 Ikke oppgitt	26	15	16
Sum	1116	1115	1111

Sysselsette personar med arbeidsplass i Askvoll kommune (15-74 år, begge kjønn). SSB, tabell 07984. Ein del tal vert ikkje vist for å unngå å identifisere personar/verksemder.

Flest sysselsette i Askvoll arbeider i privat sektor, ca. 61 % mot 39 % i offentleg sektor. Nedgangen i privat sektor har vore relativt stor dei siste 15 åra. Frå å liggje på rundt 750 personar har ein dei siste fem åra stort sett vore under 700. Tilsvarande har det vore ein vekst i offentleg sektor på om lag 5 prosent i denne perioden.

Den svake tilveksten av arbeidsplassar er noko vi deler med fleire andre distriktskommunar og kjem både av redusert arbeidskraftbehov i store basisnæringer (industri og primærnæringer) som distriktsregionar er spesialiserte innanfor, kombinert med reduksjon i handel og transport, samtidig som det samla er liten tilvekst av arbeidsplassar i andre tenester og nye næringar.

3.2 Sysselsetjing

Askvoll hadde i 2023 1111 personar som arbeider i kommunen. Talet har vore relativt stabilt sidan 2015, men det er fire færre enn året før og 64 færre enn i 2018, som var året med flest sysselsette i perioden 2010-2023. Talet på sysselsette som bustadadresse i Askvoll kommune var i fjor 1469 personar. Også dette talet har vore relativt stabilt, men det er 15 færre enn i 2020.

Gjennomsnittsalderen på dei sysselsette med arbeidsplass i Askvoll var 46,8 år (ned 0,1 år frå 2022), og er relativt høgt samanlikna med snitt for fylket (41,5 år) og landet (41,9 år). Utviklinga mot ei eldre befolkning er ein faktor som svekker fødselsoverskotet vidare framover. Dette vil særleg merkast i mindre distriktskommunar. Dei fleste kommunar med nedgang i folketalet er dei med lågast folketal og sentralitet, og dei er ofte omlandskommunar til senterkommunar i regionane. I desse kommunane bidrar både fødselsunderskot (pga. aldrande befolkning) og samtidig (netto-) utflytting til nedgangen.

Yrkesdeltakinga i Askvoll blant innbyggjarar i alderen 20 og 66 år var i 2023 på 79 %. Dette er over snitt for fylket (78,8 %) og for landet (77,1 %). Det er likevel ein nedgang på 2,4 % frå året før og det lågaste sidan 2018.

3.3 Arbeidsløyse

Talet på arbeidsledige var svært låg i heile fjor og varierte mellom 0,9 og 1,9 %. Dette utgjer om lag 15-25 personar. Den relativt låge arbeidsløysa for tida

er eit signal om at tilgangen på ledige menneskelege ressursar er ganske avgrensa. Arbeidskraftetterspurnad og arbeidsløyse endrar seg med ujamne mellomrom, men mykje tyder på at kompetanse- og arbeidskraftutfordringane i mange av bransjane og deler av offentleg sektor vil verte ytterlegare forsterka dei nærmaste åra. Det aukar behovet for å sikre at færre personar endar i utanforskap og betre mobilisering og integrering i arbeidslivet for dei som står utanfor eller fell ut av skule og arbeidsliv. Ivaretaking av tilsette og betra mobilisering av personar i utanforskap (ikkje i arbeid, utdanning eller tiltak) vert såleis viktig.

3.4Arbeidsplassdekning og nyetableringar

Arbeidsplassdekninga i Askvoll er låg i forhold til talet på sysselsette og ein tredel av alle sysselsette i kommunen pendlar ut til arbeid. Det har vore og er mangel på arbeidskraft og kompetanse i privat og offentleg sektor i store delar av fylket. Dei siste åra har det vore eit stort udekt arbeidskraft- og kompetansebehov i både privat og offentleg sektor (helse/sosial, bygg/anlegg, utdanning m.m.) og til yrker med lågare og mellomliggende utdanningskrav (vidaregåande skule, fagskule, 1-3 års høgskule). Det er òg mangel på arbeidstakrar til ein del jobbar utan noko utdanningskrav.

Tal på personar som pendla ut av kommunen var i 2023 502 personar, medan talet på innpendlarar var 143 personar. Pendlingsbalansen var dermed minus 359 personar og det er berre Stad og Luster kommune som har fleire utpendlarar i Sogn og Fjordane. Når det gjeld utpendling målt i prosent av alle sysselsette i kommunane ligg Hyllestad øvst med nær 39 %, medan Askvoll har 34 %.

Dei som pendlar ut av kommunen arbeider i mange ulike bransjar. Flest utpendlarar er det innan helse- og sosial (64), bergverksdrift (58) og bygg- og anlegg (46). Berre jordbruk, skogbruk og fiske kan syne til positiv innpendling (6 personar). Innafor sektorane forretningsmessig tenesteyting og informasjon og kommunikasjon har kommunen svært høg utpendlingsprosent (hhv. 60 og 100 %). Dette er sektorar som har vore i stor vekst siste åra og som leverer tenester til anna næringsliv.

Talet på nyetablerte føretak i Askvoll er relativt høgt samanlikna med nabokommunane. I perioden 2019-2023 er det i snitt registrert over 30 nye føretak pr år (AS, DA, SA og ENK). For nyetablerte bedrifter pr 1000 sysselsette og med ein eller fleire tilsette er Askvoll nest høgst av kommunane i Sogn og Fjordane.

3.5 Næringsfond

Målet med det kommunale næringsfondet er å styrke kommunen sin moglegheit til å bidra til lokal næringsutvikling og er spesielt retta mot nyetableringar. Styret for næringsfondet er personidentisk med medlemmene i Komité for næring, miljø og teknikk med delegert fullmakt til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot.

Det vart halde 5 møter i styre for næringsfondsaker i 2023. Ramma for næringsfondet var 987 340 kr og det vart til saman løyvd 400 000 kr i tilskot til fire verksemder.

Type tilskot	Søkjar	Løyvd
Bedriftsutviklingstilskot	Norsk Bergsikring	50 000
Bedriftsutviklingstilskot	AS Nikøy	150 000
Bedriftsutviklingstilskot	Havtech AS	100 000
Forprosjekt/bedriftsutviklingsprosjekt	Norsk Bergsikring	100 000
SUM		400 000

Løyvingar frå det kommunale næringsfondet 2023.

3.6 Næringsretta innsats

Gjennom tilskotsordninga nærings- og infrastrukturretta tiltak (teneste 32500) kan kommunen løye tilskot til næringsretta tiltak som ikkje blir finansiert gjennom det ordinære kommunale næringsfondet. Ordninga blir finansiert av 30 % av inntektene frå eigedomsskatten og ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Storleiken vert fastsett av kommunestyret gjennom budsjettvedtak. Ein del av midlane er søkbare, medan ein del er bundne opp. Under er ei oversikt over næringsrelaterte kostnader til teneste 32500 i 2023.

Prosjekt	Kommentar	2022
Olsetvikane næringsområde	Avdra og renter på lån	549 250
Nikøy næringsområde	Utvikling av nytt næringsareal	448 935
WiFi4EU - 8 WiFi-soner (teneste 32500)	Er under evaluering	178 800
Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Medlemsavtale 2022-2024	298 500
Fjordkystparken regional- og geopark	Medlemsavtale	282 000
Fjordane Friluftsråd	Samarbeidsavtale rev. 02.12.2022	111 000
Kommunalt servicepunkt (teneste 32500)	Joker Kvammen og Atløy (avslutta)	50 000
Kommunalt næringsfond	Søkbare midlar	400 000
Studiesenter Kysten (teneste 32500)	Interkommunalt samarbeidsprosjekt 2023-2024	100 000
Teneste 32500	Andre søkbare midlar	50 000
Invest in Fjordane (teneste 32500)	Interkommunalt samarbeidsprosjekt (2023-2025)	125 000
Næringskonsulent		420272
Sum		3 013 757

Samla oversikt over næringsrelaterte kostnader 2023.


3.7 Nokre hendingar i 2023:

- Samfunnsdelen av kommeplanen vart vedtatt 14.06.2023. Samfunnsdelen er saman med arealdelen kommunen sitt overordna styringsverktøy og seier korleis vi vil utvikle kommunen, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunen er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga m.a. gjennom å yte tenester og leggje til rette for vekst og utvikling av næringslivet gjennom samarbeid, planlegging og utbygging.
- Næringsarealet i Olsetvikane har blitt utvikla vidare og det er opparbeidd store nye areal for industrietableringar. Det vart gjennomført ny takst i mars 2023 og open synfaring for bedrifter og interesserte i oktober 2023.

- Kommunen signerte i mars 2023 ei samarbeidsavtale om prosjektet Studiesenter Kysten. Kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord og midtre Sogn går saman om å etablering Av Studiesenter Kysten. Hovudføremålet til Studiesenteret er å initiere, koordinere og administrere utdanninger for kommunane som har redusert tilgang til utdanning. Næringslivet skal få tilgang til relevant kompetanse som fremjar deira produksjon
- Kommunen er medlem i Fjordkysten regional- og geopark. Parken har no nær 50 partnarar og er Noregs første kombinerte regional- og geopark. Neste steg er å få UNESCO-stempelet på plass.
- Kommunestyret vedtok i mars 2023 at Askvoll kommune deltar i samarbeidsprosjektet Invest in Fjordane. Prosjektet tar utgangspunkt i at kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Sunnfjord har gått saman om eit kartleggings- og analysearbeid for å avdekke og utfordre moglegheiter og barrierar, for å stå fram som ein samla og attraktiv aktør for nye større og grøne industritableringar.
- Kommunen deltar i styringsgruppa Hub for Minerals. Selskapet vart skipa i mars 2024 og er blitt ein del av Grøn Region Vestland sin portefølje. Hub for Minerals byggjer på ein avtale frå 2011 mellom Nordic Mining, Sunnfjord (Naustdal) og Askvoll kommune og Vestland fylkeskommune. Målet er å stimulere til innovasjon og forsking, sirkulærøkonomi og forretningsutvikling knytt til mineralnæringa.
- Askvoll kommune var med å arrangere og tok del i Karrieremessa i HAFS i februar 2023 og på Framtidsfylket si Karrieremesse i Grieghallen i mars 2023.

4 Organisering

Vi er organisert etter ein sektormodell, der vi har tre kommunalsjefar for tenesteområda, i tillegg til kommunalsjef for stab og støtte og økonomisjef.



5 Sentraladministrasjonen

5.1 Stillingsoversikt

	Tal tilsette	Stillingar
Stab og støtte	5	4,5
Økonomiavdelinga	3	2,5
Sentraladministrasjonen	2	2
Flyktningtenesta	5	4,4

5.2 Beskriving av tenesta

Sentraladministrasjonen har følgjande hovudansvar:

Politisk styring - sekretærfunksjon og sakshandsaming for kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval og ungdomsråd.

Gjenomføring av kommune/stortingsval


Fellesfunksjonar i høve den kommunale drifta

- økonomi og personalforvaltning
- arkiv
- innkjøp
- ikt
- heimesida/intranett/kommunen sin profil i sosiale media
- beredskap
- prosjektoppfølging
- folkehelsearbeid

Publikumsretta sakshandsaming t.d. sal/skjenkeløyve, idrettsplan, tilskotsordningar, prosjektoppfølging, næringsretta tiltak og oppfølging av velforeiningane

Flyktningar Busetting og oppfølging av flyktningar

5.3 Sjukefråvær



Sentraladministrasjonen hadde i 2023 10,16% sjukefråvær, mot 10% i 2022. Tendensen var fallande mot slutten av året, og vi ser ein positiv utvikling inn i 2024

5.4 Flyktingenesta

Flyktingenesta busette 65 flyktningar i 2023 i tillegg til fire personar på MAMOT (alternativ mottak for flyktningar med kollektiv beskyttelse). Det er busett flyktningar i Askvoll sentrum, Atløy, Vårdal, Holmedal, Rivedal, Stongfjorden og sekundærbusetting på Balandet. I løpet av året hadde Flyktingenesta oppfølging av totalt 127 brukarar frå 0-68 år, frå tre forskjellige nasjonalitetar. 52 personar hadde vedtak om introduksjonsprogram òg eller vedtak om utvida introduksjonsprogram. I tillegg hadde 13 personar vedtak på norskopplæring eller tilbod om norskopplæring. Ved utgangen av 2023 var det 12 personar, som var busett frå 2022, som hadde fått lønna arbeid. I tillegg var 17 personar i arbeidspraksis/arbeidstrening på same tidspunkt. Utsiktene for 2024 er betre med tanke på både praksis og arbeid for dei busette.

5.5 Viktige hendingar

- Klarte å busette i tråd med oppmodinga og tileggsoppmodinga til IMDI.
- Mange endringar i lovverket for kollektivbeskyttelse
- Dei første busette frå Ukraina fullførte introprogrammet og dei første ukrainarane kom seg ut i arbeid.
- Gjennomføring av kommunevalet 2023
- Omorganisering og oppretting av personalavdeling frå 1.1.24
- Tilsyn og arbeid med arkivavvik
- Oppretting av «fritidskasse»
- Søknad og fullføring av breibandsprosjekt
- Innføring av nytt kvalitetssystem
- Vedtak av samfunnsdelen

5.6 Utfordringar framover

- Økonomi
- Få flest mogleg ut i arbeid i ein pressa arbeidsmarknad.
- Tilpasse endringar i introduksjonsprogrammet til nye lovkrav.
- Syte for at fleire får eit høgare norsknivå raskare.
- Heve «kvardagsintegreringa» og legge til rette for fleire arena å lære norsk.
- Lite ressursar på administrasjon
- Folketalet og folkesetnaden er den viktigaste utfordringa vi står framfor. Askvoll kommune har i dag ikkje dedikerte ressursar som arbeidar med dette.

5.7 Tilskotsordningar i Askvoll kommune 2023

Kulturmidlar 60 000

Frivillige lag/organisasjonar og einskildpersonar heimehøyrande i kommunen, som lagar til aktivitetar innanfor tradisjonelt kulturarbeid (t.d. teater, musikk, dans, film), barne- og ungdomsarbeid, idretts- og andre fritidsaktivitetar, kan søkje støtte frå ordninga. Støtte skal primært løvvast til aktivitetar.

Aktivitetar til born og unge, fokus på fellesskap og inkludering vert prioritert. I 2023 delte vi ut til følgjande arrangementstypar: Forfattarmøte, konsertar, verdens aktivitetsdag, dansens dag, korkafé, motbakkeløp, tradisjonsmusikk, jubileumsfestar og danseworkshop.

Kulturminnemidlar 100 000

Askvoll kommune gjev støtte til lokalt kulturminnearbeid. I Kulturminneplanen er det lagt føringar for at delar av ramma for ordninga skal øyremerkast som ein fast, årleg driftsstøtte etter søknad til bygdemusea i kommunen.

I 2023 var kr. 25 000 delt likt mellom dei tre noverande bygdemusea.

Resterande kulturminnemidlar på kr. 75 000 er øyremerka restaureringsprosjekt, naudsynt vedlikehald, bevaring og utvikling av kulturminne. Kr. 75 000 er i 2023 løyvd restaurering av sperrestove i på Håland.

LTU-midlar - ungdomsrådet søker årleg om tilskot frå VFLK.

Tilbodet er primært retta mot ungdommar mellom 13 og 19 år. Midlane skal nyttast til fleksible og trygge transporttilbod for ungdom. Askvoll kommune nyttar midlane i samband med aktivitetsturar, arrangement og skyss til faste fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld.

Søknadsperioden er fortløpande. Administrasjon godkjenner tiltak som er innanfor vedtekne retningsliner. Eigendel er oftast kr. 50 pr. reisande, kommunen betalar resten på faktura.

Det varierer frå år til år kor mykje som vert søkt/løyvd frå fylkeskommunen, men i dei seinare åra har vi hatt tilstrekkeleg til å dekka alle arrangement som vert godkjent i ordninga.

Ung i Askvoll midlar 15 000

Askvoll ungdomsråd har ei eiga tilskotsordning for ungdom heimehøyrande i Askvoll kommune.

Ein kan søkje støtte til arrangement av og for ungdom. Ungdom mellom 13-20 kan søkje i ordninga. Det kan søkjar støtte til musikk, teater/film, kurs og fritidsaktivitetar. I 2023 løyvde ungdomsrådet støtte til Påske- og JuleLAN, nyttårsball og teaterframsyning.

Kontingentstøtte 30 000

Frivillige lag og organisasjonar som har tapte inntekter knytt til manglande innbetaling av medlemskontingent og/eller treningsavgift frå barn og unge i målgruppa, kan søkje støtte frå ordninga. I 2023 vart desse midlane nytta til å dekke kontingen- /medlemsutgifter, utgifter til utstyr mm etter direkte søknad frå born og unge. I løpet av året 2023 er det utarbeida retningslinjer til ordninga «Fritidskasse» som skal sikre at alle barn og unge kan delta på organiserte fritidsaktivitetar. Denne ordninga erstattar kontigentstøtte frå 01.01.2024, då vi ser at sistnemnde støtteordning ikkje treff målgruppa.

Driftstilskot til ungdomsklubben 35 000

Askvoll kommune løyver driftstilskot til frivillige ungdomsklubbar/ungdomsarbeid i kommunen. For 2023 er det løyvd og fordelt kr. 35.000 til to ungdomsklubbar.

Ungdomsklubben må ha eit styre, ein leiar og ein eigen konto. Klubben må ha ein aktivitetsplan, føre enkel oversikt over aktivitetar og tal deltagarar gjennom året og rekneskap for drifta. Aktiviteten i klubben skal vere open for alle. Eventuelle inngangsbillettar/eigenandel må ikkje vere av slik storleik at nokon ekskluderast frå å vere med på grunn av økonomi.

Driftsstøtte til velforeiningar og Idrettsrådet.

Det er løyvd kr. 6 000 til kvar velnemnd og kr. 10 000 til Askvoll idrettsråd kvart år. Laga må sende inn årsmøtereferat og årsmelding for å få utbetalt desse tilskota.

5.8 Kommunebarometeret

5.8.1 Økonomi

	2018	2019	2020	2021	2022
ØK01 Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	273	263	310	233	336
ØK02 Korrigert netto driftsresultat i prosent, snitt 4 siste år	120	100		319	319
ØK03 Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	62	166	126	286	219
ØK04 Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter ³⁹	147	159	146	193	205
ØK05 Endring disposisjonsfond, prosentpoeng	52	225	99	278	222
ØK06 Netto renteekspонert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	158	152	152	188	189
ØK07 Endring i netto renteekspонert gjeld (andel av brutto driftsinntekter)	76	146	134	270	188
ØK08 Netto finansutgifter, i prosent av brutto driftsinntekter, eksl. avdrag	179	191	145	156	278
ØK09 Investeringer, som andel av brutto driftsinntekter. Snitt siste fire år	52	70	95	150	196
ØK10 Andel av investeringene som finansieres av lån, siste fire år	239	275	252	259	204
ØK11 Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter	192	181	194	68	100

Askvoll kommune ender på 279. plass av 357 kommunar på denne samanlikninga. Vi har disposisjonsfond på 8,7%, men det er mindre enn mange andre kommunar, og vi har ein driftsnivå som er høgare enn dei fleste andre kommunane i Noreg.


Vi har handlingsregel om nullresultat so lenge vi har pengar på disposisjonsfond, og dette ser vi att i tabellen.

6 Oppvekstetaten

6.1 Stillingsoversyn

Org.eining	Tal tilsette	Tal årsverk	
2001 Oppvekst - leiarar	10	9,80	
2002 Oppvekstkontor	3	2,20	
2100 Askvoll skule inkl. VO	56	95	49,22
2110 Atløy skule	14		12,81
2120 Bulandet skule	12		9,56
2130 Gjelsvik skule	13		9,65
2500 Musikk- og kulturskulen	5		2,50
2710 Røverompa barnehage	19	53	18,30
2720 Nipa barnehage	8		4,90
2730 Gjelsvik barnehage	9		6,29
2740 Holmedal barnehage	11		8,85
2760 Bulandet barnehage	6		4,28
2800 Askvoll bibliotek	2		1,05
TOTAL Oppvekstetaten	168		139,41

6.2 Sjukefråvær



Grafen ovenfor syner samla fråvær per månad for heile oppvekstetaten i 2022 og 2023, og fordeling på korttids- og langtidsfråvær (MERKNAD: Det høge

fråværet i juli 2022 skuldast ei feilregistrering). I rapporten er ikkje sjukefråvær for einskild-einingar presentert, men samla for heile etaten og dei to største områda - skule og barnehage, var det legemeldte sjukefråværet gjennom 2023 slik:

	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
Oppvekstetaten	6,6 %	8,6 %	5,1 %	9,1 %
Barnehage	10,6 %	9,3 %	7,2 %	10,1 %
Skule	6,6 %	5,7 %	4,1 %	6,2 %

Det er likevel stor variasjon mellom einingane, og samla ligg vi framleis godt over kommunen sitt mål om ikkje meir enn 6% sjukefråvær. Sjukefråværet representerer ein stor kostnad per år, men vert først og fremst opplevd som ein svært krevjande situasjon, både for arbeidstakrar og ikkje minst for einingsleiarane. Dei står ansvarleg for både å fylgje opp dei som er sjukmelde, legge til rette for dei som står i fare for å bli det, og samstundes halde tenestene i gang. Når det i tillegg er svært vanskeleg å rekruttere inn vikarar, kan vi kome i situasjonar der det vert vanskeleg å halde tenesta i gang, eller gje eit godt nok tilbod til dei som treng ekstra tilrettelegging.

Einingane i etaten jobbar kontinuerleg med å knyte til seg fleire tilkallingsvikarar både gjennom NAV, via stillingsutlysingar på kommunen sine heimesider og via jungeltelegrafen. Ved sidan av dette jobbar dei med tilrettelegging på arbeidsplassen slik at tilsette med helseutfordringar ikkje går ut i full sjukmelding. Heile kommunen held på å implementere «Modell for nærværarbeid i Askvoll kommune» der ein vil nytte materiell frå KLP for å identifisere nærvær faktorar og utfordringar knytt arbeidet på dei ulike avdelingane. Sjølv om ein opplever at dialogen er god, har ein ikkje alltid same syn på kva som kan lette arbeidet. Her må oftast arbeidstakaren sine meningar vege tungt då opplevinga av tilrettelegging ofte er subjektiv. Å finne balansen mellom tilrettelegging for den enkelte, utan at belastninga på andre tilsette blir for stor, samt at tilbodet til barn og elevar blir dårlegare, er ei utfordring.

6.3 Beskriving av tenesta

Barnehage

Eining	Tal barn	3-5 år	1-2 år
Røverompa	56	35	21
Nipa	15	11	4
Gjelsvik	19	11	8
Bulandet	17	12	5
Holmedal	27	19	8
Totalt	134	88	46

Grunnskule

Eining	Tal elevar	1-4	5-7	8-10
Askvoll	201	62	52	87
+ VO	7+76		Gr.skule + norsk for vaksne	
Atløy	41	26	15	
Gjelsvik	51	21	19	11
Bulandet	30	11	12	7
Totalt	319+6+72	118	96	105

Kulturskulen

Tilbod	Elev-pl.	Opplæring
Musikk	73	Askvoll, Atløy og Gjelsvik
Kunst	19	Askvoll
Teater	8	Stongfjorden, deler av året
Dans	24	Askvoll (Dans utan grenser)
Totalt	124	

Bibliotek

	Tal
Bestand, i nye lokalar	4231
Bestand, i gamalt lokale (stengde)	26446
Besök 01.09-31.12, i nye lokale	3916

Det var 134 barn i barnehagane våre per 15.12.23 mot 135 på same tid i 2022. Både tal tilsette (51) og tal årsverk (37,2) er på om lag same nivå som året før, og det har berre vore mindre endring i barnetalet i dei ulike barnehagane.

Samla elevtal er det same per oktober 2023 som det var på same tid i 2022. Elevtalet har auka litt på Askvoll og i Gjelsvik, og har gått tilsvarande ned på Atløy og i Bulandet. Tal elevar på grunnskuleopplæring for vaksne ved Askvoll skule har gått ned frå 13 i 2022 til 6 i 2023. Dette skuldast at dei fleste vaksne flyktningane som har kome i løpet av 2023 er frå Ukraina, og desse har alt gjennomført grunnskule. Frå sommar/haust 2022 vart det sett i gang med eiga norskopplæring, i hovudsak for flyktningane frå Ukraina, og per oktober 2023 var det 72 vaksne som fekk slik opplæring på vaksenopplæringa ved Askvoll skule.

Aktiviteten i kulturskulen har auka frå 2022 til 2023. Det er 10 fleire elevar på musikk og 10 på kunst. I 2023 har vi halde fram eit godt samarbeidet med Hyllestad og Fjaler kulturskule, der vi både kjøper rektor-tenester og kjøper/sel undervisningstenester, og frå 2024 vert Askvoll ein del av felles kulturskule i HAF. I tillegg til aktiviteten som går fram av tabellen ovanfor sel

også kulturskulen tenester til både våre eigne einingar innan oppvekst og omsorg samt til privatskulen i Holmedal.

Det fysiske biblioteklokalet til Askvoll bibliotek har vore stengt over lengre tid, men frå 1. september 2022 vart det på ny etablert eit fysisk tilbod i mellombelse biblioteklokale i Bankbygget i Askvoll sentrum. 2023 er såleis det første heile året med eit fysisk bibliotektilbod, og ein held framleis på å byggje opp ein ny bestand av bøker. Opningstider om lag i same omfang som tidlegare.

6.4 Viktige hendingar

6.4.1 Skule

- Våren 2023 fullførte 2 lærarar vidareutdanning i faga norsk og musikk, medan heile 9 nye starta hausten 2023 på vidareutdanning innanfor den statlege ordninga med «Kompetanse for kvalitet». Interessa for vidareutdanning har auka, noko skuleeigar ser på som svært positivt.
- Frå 2020 starta vi ei opptrapping av tilgang til digitale verktøy for elevane, og frå skuleåret 2022-23 har vi no full 1:1-dekning på ungdomssteget. For å halde oppe tilgangen til digitale verktøy, også på barnesteget, må ein halde fram med å setje av årlege midlar til å investere i nytt utstyr.
- Paragraf § 9 A-4 (om aktivitetsplikta for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø) krev stadig meir av dokumenteringsarbeid og oppfølging av ting som skjer sosialt både på skulen og i fritida til elevane. Lærarar, og ikkje minst rektorar melder om mykje arbeid knytt til dette.
- Skulane gjennomførte i løpet av 2022 det sjølvmordsførebyggande kurset «Livet på timeplanen» og formidla kunnskap vidare til alle dei andre tilsette på skulane på planleggingsdagen 27. januar 2023. Dette er eitt av tiltaka i den sjølvmordsførebyggjande planen som vart vedteken i 2021.
- Krigen i Ukraina har også påverka skule og vaksenopplæringa med nye elevar i dei fleste årsstega, og ei stor gruppe vaksne som får norskopplæring. Det har vore krevjande å få på plass både nok lærarar og undervisningsrom til å gjennomføre tilbodet til dei vaksne. Deler av internatet ved Askvoll skule vart våren 2023 pussa og blir no brukt som klasserom igjen. Likevel er det knapt på rom til undervisning.

- PPT har endra organisering og alle tilsette i tenesta vart i løpet av 2022 overført til Fjaler kommune. I tillegg er fleire av deira tidlegare oppgåver lagt til den enkelte eining. Dette gjeld ulike former for kartlegging og testar. Det er spesielt krevjande for skulane og få frigitt lærarar til å sertifisere seg for ulike testar, og ikkje minst gjennomføre dei i skulekvardagen.
- Elles held ein fram med å utvikle retteleiingsteama på alle skular i samarbeid med både PPT og skulehelsetenesta.

6.4.2 Barnehage

- Også 2023 har vore eit år prega av mykje av både kortids- og langtidsfråvær med meir forbruk av vikarar enn det vi hadde budsjettet. Mange av vikarane går inn i ledige stillingar i løpet av året, noko som resulterte i mangel på vikarar. Syner elles til det som er skrive om sjukefråværet ovanfor.
- Hausten 2021 starta ein planlegging av ny barnehage i Askvoll sentrum, ny reguleringsplan for Prestemarka vart vedteken i 2022 og prosjekt for ein ny samla barnehage i Prestemarka er utarbeidd. Dessverre, og til stor skuffelse for mange, vart utbygginga utsett med minimum 2 år i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan for 2023-26
- Barnehagane vert stadig betre og meir aktiv på tverrfagleg samarbeid. Som ei oppfølging av Sjølvmordsførebyggjande plan samarbeidde alle barnehagane i 2022 med helsetenesta om tiltaket «Tidleg inn». Barnehagane er også involvert i arbeidet med plan for førebygging, jamfør kravet om slik plan i barnevernsreforma (ofte omtala som oppvekstreform).
- Vi held fram med å digitalisere både administrative og faglege verktøy i barnehagen, og sjølv om vi har ein veg å gå der, tek situasjonen til å bli betre både i høve utstyr og infrastruktur.
- Nipa barnehage held fram med eit utviklingsprosjekt som får støtte frå dei statlege ordningane med regionale kompetansemidlar (REKOMP) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Her samarbeider barnehagen med Høgskulen på Vestlandet for å utvikle praksis og rutinar knytt til tema *Relasjonar*
- Vi held fram arbeidet med å forbetra uteområda kring barnehagane, men arbeidet tek lengre tid enn forventa, både pga. nye utfordringar ein møter (t.d. i høve drenering) og mangel på folk til å utføre arbeidet

6.4.3 Kulturskule

- I 2023 har ein hatt kulturskuletilbod på fire ulike stader i kommunen (Atløy, Askvoll, Stongfjorden og Gjelsvik/Kvammen)
- I 2023 fekk vi avklart at ein skal slå kulturskuledrifta saman med Hyllestad og Fjaler kulturskule frå 2024. Nytt namn på tenesta er "kulturskulen i Hyllestad, Askvoll og Fjaler"
- Gjennomførte dei planlagde konsertane rundt i heile kommunen fire gongar i året
- Gjennomførte kunstutstillingar knytt til biblioteket i Askvoll
- Gjennomførte UKM i Askvoll og fekk ein av våre deltakarar heilt til landsfinalen.
- Ein held fram samarbeidet med lokale kulturarbeidar for å oppretthalde og utvikle tilbodet innan teater og hadde teaterpremiere i mai
- Planlagde og gjennomførte DKS turne i alle grunnskulane

6.4.4 Bibliotek

Utvikling av Askvoll bibliotek som møteplass:

- Kveldsarrangement (forfattarmøte) i regi av Askvoll bibliotek (stadig førespurnader om nye/fleire arrangement).
- Sogelaget si lansering av Sogehefte 2023.
- Lions-Club si utstilling av barneteikningar (Verdkonkurranse - 7. kl. v/Askvoll skule deltok).
- Laurdagsverkstad i regi av kulturskulen.
- Juleverkstad i regi av kulturskulen.
- Utstillingar i regi av kulturskulen.
- Samarbeidsprosjekt mellom Den kulturelle skulesekken og Askvoll bibliotek:
- Anders Totland-turne hausten 2023 - forfattaren vitja alle grunnskulane + barnehage (338 grunnskuleelevar fekk møte forfattaren).
- Fleire avdelingar/grupper frå Røverompa barnehage nyttar biblioteket fast.
- Holmedal montessoriskule, Askvoll skule og Atløy skule har «faste» rutinar for folkebibliotekbesøk.
- Askvoll bibliotek vert besøkt av stadig fleire, og brukarane kjem oftare enn før.
- Fleire innbyggjarar brukar Askvoll bibliotek som studieplass og som «heimekontor» - særleg dei som er busett på øyane (utnytting av tida mellom ferjeavgangar).

- Språkkafe i regi av Røde Kors - fast kvar torsdag frå kl. 16.30 til kl. 18.30.
- Lærings- og meistringsgruppa i Askvoll kommune har nytta biblioteket til nokre av sine arrangement.
- Politiet har hatt orienteringsmøte/informasjonsmøte for pensjonistar i biblioteklokalet.

6.5 Utfordringar framover

6.5.1 Skule

- Inkluderande skulemiljø - det er alltid like aktuelt å jobbe for at kvar enkelt elev skal kjenne seg trygg på skulen. Det skjer mykje utanom skulen som pregar elevane når dei er på skulen, som t.d. heimeforhold, sosiale media og liknande. Nært samarbeid med heimen er heilt avgjerande for å skape tillit og trygge rammer. Dette krev meir og meir av lærarane og er særdeles tungt når ein ikkje får det heilt til.
- Spesialundervisning - fleire og fleire elevar som treng store og omfattande hjelpetiltak og «eigne» vaksne. Korleis skape ein skule der det er rom for alle og der ein greier å tilpasse undervisninga i gruppene som dei hører til
- Utvikle rettleiarteama vidare i samarbeid med PPT og helsetenesta - at skulane skal ta meir og meir over testing av elevar som PPT har gjort tidlegare er både spennande og utfordrande. Tidsmessig tar det mykje ressursar og vi må ha lærarar som ønskjer å jobbe med dette.
- Pedagogiske program - høge lisenskostnad, skulane blir på eit vis tvungne til å kjøpe digitale lisensar i tillegg til bøkene.
- Grunnskule for vaksne - korleis motivere elevane til å møte på skulen og aktivt gå inn for opplæringa
- Vaksenopplæringa - Det er usikkert kor mange elevar og grupper vi har til ei kvar tid. Dette gjer det utfordrande med tanke på nok lokale og ressursar.
- Symjegarderobane ved Askvoll skule treng sårt å verte rehabiliteret. Kva ynskjer ein å bruke bygningsmassen der biblioteket har vore til? Skal ein renovere/ bygge nytt? Askvoll skule har behov for fleire undervisnings- og grupperom.

- Generelt vedlikehald av bygga - opplever at vi ikkje har tilstrekkeleg med vaktmeisterressurs. Bygga forfall raskt når feil ikkje vert reparert med det same.
- Vidareføring av utbetring på uteområda og få på plass gode nærmiljøanlegg ved alle skulane. Sjølv om ein fått gjort ein del med dette dei siste åra er det framleis ein god del som er u gjort, særleg i Bulandet og ved Askvoll skule
- Kompetanseløftet og andre kommunale og nasjonale satsingar har auka tal oppgåver som skulen skal gjere, men det fylgjer ikkje ekstra midlar med. Difor må ein bruke av tida tiltenkt undervisning, då ein må hente ressursane frå ein stad. Det er viktig å sikre at det kjem midlar med ekstra oppgåver som skulen skal utføre.

6.5.2 Barnehage

- Barnehagane sitt høge sjukefråvær og lite tilgang på stabile vikarar mange stader gjer både det pedagogiske arbeidet og drift upårekna og vanskeleg. Ofte må ein tenkje nytt og kreativt rundt organisering av det spesialpedagogiske tilbodet der IOP-ar ikkje alltid lar seg gjennomføre grunna mangel på både folk og kompetanse.
- Vidareføring, implementering og utvikling av digital praksis i barnehagen
- Korleis organisere barnehagedrifta i Askvoll sentrum etter at utbygging av ny barnehage er utsett.
- Vidareføring av utbetring på uteområda. Sjølv om ein fått gjort ein del med dette dei siste åra er det framleis mykje som er u gjort
- Ein ser ein tendens til stadig meir individfokusering i samfunnet og foreldregruppa og fleire barn strevar med sjølvregulering i møte med andre både barn og vaksne. Barnehagen kan ha ein viktig funksjon i rolla som støttespelarar og rettleiarar i møte med foreldre, men det krev og at det vert sett av tid til dette arbeidet.

6.5.3 Kulturskule

- Organisere og vidareutvikle ein felles kulturskule for Hyllestad, Askvoll og Fjaler
- Utvikling av nye tilbod som treff hovudmålgruppa (barn og unge)
- Korleis få til eit kulturskuletilbod også for barn og unge i Bulandet/Værlandet

6.5.4 Bibliotek

- Avklare framtidig lokalisering av bibliotektilbodet når avtala om ei mellombelse plassering i Bankbygget er over, og avgjere kva ein skal gjere med boksamlinga som står i eksisterande lokale ved Askvoll skule.
- Halde fram arbeidet med å byggje opp ein ny bokstamme. Ein kommune av vår storleik, og med berre eitt lokale, bør ha ei bokstamme på minimum 9.000 eksemplar (samlinga skal vere allsidig og aktuell).
- Etablere eit systemisk og systematisk samarbeid mellom Askvoll bibliotek og skulane/skulebiblioteka i kommunen.
- Etablere Bibliotek i butikk att i Kvammen, Bulandet og eventuelt på Atløy. Dette fordrar at ein har tilgjengeleg ei større boksamling på Askvoll bibliotek enn tilfellet er i dag.
- Etablere samarbeid med flyktning-tenesta kring bruk av bibliotekvesenet sine tenester.
- Utvida opningsdag (4 dagar per veke + ordinær opningstid i juli)
- Budsjett 2024 tilseier at biblioteket kan ha ambisjonar om å bygge ut bokstamma med ca. 1000 eksemplar, avvikle 4 - 6 arrangement i biblioteklokalet, og ha same opningstid som i 2023. Med (berre) ein tilsett er det vanskeleg å sjå korleis ein skal kunne finne tid til aktiv formidling (digitalt og fysisk) ut over formidlinga som skjer på biblioteket i opningstida

6.6 Kommunebarometeret

Her syner ein til dei generelle analysane som er gjort i Kommune-barometeret 2023 (gjeld resultat i 2022) på områda skule, barnehage og kulturskule og bibliotek. Nedanfor fylgjer nokre korte kommentarar til nokre av nøkkeltala knytt til korleis Askvoll er rangert innan oppvekst sitt ansvar.

6.6.1 Grunnskule

	2018	2019	2020	2021	2022
GSK01 Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	84	42	62	111	115
GSK02 Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år	62	1	169	273	101
GSK03 Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år		1	27	58	37
GSK04 Andel elever på laveste mestringssnivå, 5. trinn, snitt siste fire år ²	59	127	136	169	187
GSK05 Andel elever på laveste mestringssnivå, 8. trinn, snitt siste fire år ²	42	42	133	113	141
GSK06 Andel elever på laveste mestringssnivå, 9. trinn, snitt siste fire år ²	137	117	148	103	45
GSK07 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	247	234	280	294	241
GSK08 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	300	218	261	248	238
GSK09 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	291	1	145	250	304
GSK10 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	204	168	1	1	1
GSK11 Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	284	222	201	34	1
GSK12 Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	142	139	143	169	247
GSK13 Fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	57	76	33	101	82
GSK14 Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	243	268	255	271	269
GSK15 Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	233	254	233	169	124
GSK16 Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	221	251	265	224	152
GSK17 Andel elever som får leksehjelp, 1.-4. trinn	76	79	76	160	162
GSK18 Andel elever som får leksehjelp, 5.-7. trinn	126	98	154	78	58
GSK19 Andel elever som får leksehjelp, 8.-10. trinn	76	72	72	61	58

I hovudsak kjem Askvoll godt ut på dei fleste nøkkeltala om grunnskule, men vi har nokre områder der resultata spriker mykje. Særleg gjeld dette kor stor del av lærarane som har godkjend kompetanse for å undervise i 1.-7. trinn og 8.-10. trinn, der sistnemnde vert prioritert. Elles ser ein også at vi har utfordringar å ha nok kompetanse i faga norsk, engelsk og matematikk til å nå lovkravet om 30/60 studiepoeng, dette til tross for at vi har hatt svært mange lærarar som har teke vidareutdanning gjennom den statlege ordninga "Kompetanse for kvalitet". Ein kan også merke seg at i denne perioden har trivselen vorte stadig betre hos elevane i 1.-7. trinn, medan det har gått motsett veg for elevane i 8.-10. trinn. Profilen på delen spesialundervisning syner at vi har relativt fleire som har trøng for slik hjelp blant dei yngste elevane. Når vi ser dette opp mot utviklinga på dei andre trinna, kan det tyde på at ein forsterka tidleg innsats gir positive resultat seinare.

6.6.2 Barnehage

	2018	2019	2020	2021	2022
BH01 Antall barn per årsverk, kommunale barnehager	118	113	143	196	180
BH02 Antall barn per årsverk, private barnehager					
BH03 Andel kommunale barnehager som oppfyller pedagognormen	106	1	173	184	156
BH04 Andel private barnehager som oppfyller pedagognormen					
BH05 Andel ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning	36	73	79	22	1
BH06 Andel ansatte i private barnehager med pedagogisk utdanning					
BH07 Andel ansatte som er menn, alle barnehager	214	247	200	272	54
BH08 Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år	112	30	283	309	270
BH09 Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste fire år	1	36	61	237	286
BH10 Antall barn per barnehage	74	63	59	75	70
BH11 Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager	125	105	103	124	130
BH12 Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager					
BH13 Andel 1-5-åringar med barnehageplass	145	277	321	151	208

På barnehageområdet har vi fram til 2022 hatt ei positiv utvikling i tal tilsette med pedagogisk utdanning, noko som kjem av ei satsing på å auke tal pedagogar per avdeling over tid. Frå 2023 har dessverre denne utviklinga gått i feil veg, og vi har måtte søkje om dispensasjon frå utdanningskravet for å ha nok pedagogar. Elles ser vi av tala at vi har vi har ein mindre del barn 1-5 som har barnehageplass, og særleg gjeld dette dei minoritets-språklege barna. Dette kan skuldast at det går noko tid frå desse barna kjem til kommunen til dei får eit tilbod om barnehageplass.

6.6.3 Bibliotek og kulturskule

	2018	2019	2020	2021	2022
KUL01 Besøk i folkebibliotek per innbygger	285	289	313	333	336
KUL02 Andel av voksne som er aktive lånere på biblioteket ¹⁸	308	295	333	19	338
KUL03 Utlån per innbygger	241	262	268	338	338
KUL04 Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge	314	225	279	239	281
KUL05 Netto driftsutgifter til idrett og idrettsanlegg per innbygger	329	330	337	314	133
KUL06 Kinobesøk per innbygger	204	222	198	180	203
KUL07 Ansatte kulturarbeidere i kommunen, per 1000 innbygger ¹⁸	153	148	127	33	169
KUL08 Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole	134	120	112	115	117
KUL09 Antall timer i kulturskolen, per elev ¹⁸	153	177	198	249	175
KUL10 Kommunale fritidssentre, årlige besøk per 1000 innbyggere 6-20 år					
KUL11 Andel av kulturutgiftene som er overført til frivillige	178	175	236	250	1

Nøkkeltala for bibliotekdrifta heng i stor grad saman med at tilbodet var stengt i store deler av denne perioden. Biblioteket vart gjenopna hausten 2022, og det vil såleis verte interessant å sjå korleis både utlån og besøk vil utvikle seg framover med folkebiblioteket plassert i sentrum av Askvoll.

Dei to nøkkeltala om kulturskule fortel først og fremst om stabilitet i tilbodet, og at ein greier å oppretthalde interessa for innhaldet hos målgruppa.

7 NAV

7.1 Stillingsoversyn

NAV har 3,3 kommunale stillingar; tre 100% og ein 30%.

Vi har to 100% statlege stillingar, den eine av desse arbeider med regionale oppgåver. I tillegg kjem leiarstillinga som er delt likt mellom stat og kommune.

7.2 Sjukefråvær

NAV hadde lite sjukefråvær i 2023. Tala er små og av personvernomsyn er det ikkje teke ut statistikk.

7.3 Beskriving av tenesta

Økonomisk sosialhjelp

2023				
Tal	28100	Tal	Flyktningar	Totalt
1.tert - 196	649 713,41	93	418 907,64	1 068 621,05
2.tert - 135	518 440,80	140	568 977,24	1 087 418,04
3.tert - 136	734 357,50	190	1 032 204,69	1 766 562,19

Vi har hatt ei auke i utbetalingane til sosialhjelp i løpet av 2023, og særleg til flyktningar.

Brukarane som treng økonomisk stønad har ofte samansette problem.

Det kan vere gjeld eller helseutfordringar.

Utbetringstilskot/lån

Vi har ikkje hatt tilskot til utbetring og tilpassing i 2023.

Flyktningar:

Vi har stadig auke i tal flyktningar som har trøng for oppfølging frå NAV.

Dette auka vesentleg i 2023 då kommunen tok i mot mange flyktningar frå Ukraina.

Ungdom:

I NAV kjem alle under 30 år under omgrepet ungdom. Det er få saker i denne gruppa, men sakene er samansette og handlar om både helse, økonomi og sosiale utfordringar. Desse ungdommane treng tett oppfølging over fleire år, både frå NAV og andre i hjelpeapparatet.

Arbeidssøkarar - ordinære:

Det var låg arbeidsledighet gjennom heile 2023.

Arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne: Del arbeidssøkjarar med nedsett arbeidsevne (mottakarar av arbeidsavklaringspengar) har halde seg stabilt, vi hadde mellom 54 og 61 personar på AAP i 2023

Sjukmelde:

Oppfølging av sjukmelde vart i 2022 overført til regional sjukefråværsavdeling. Dette vart vidareført etter evaluering i 2023. Oppfølging av sjukmelde er ei statleg teneste

7.4 Viktige hendingar

- Auke i tal flyktningar
- Arbeid med utgreiing av eit mogeleg vertskommunesamarbeid i regionen. Askvoll kommune vedtok å stå utanfor ei vertskommuneorganisering
- Ny leiar frå sommaren

7.5 Utfordringar framover

- Arbeid med å kvalifisere og skaffe arbeid til den store gruppa med ukrainske flyktningar.
- Auka levekostnader. Vi ser ei stor auke i yting til livsopphald (sosialhjelp) både til flyktningar og andre
- Vertskommunesamarbeid. Vedtaket i kommunestyre vil påverke arbeidet på navkontoret. Vi står utanfor som einaste kommune i

regionen, dette vil få konsekvensar for samhandling med dei andre navkontora i regionen.

- Endringar i personalgruppa. Innan 2-4 år vil tre av dei tilsette vere mellom 65-67 år og kan pensjonere seg. Det kan bli ei utfordring å rekruttere kvalifisert arbeidskraft.
- Innsparing/gevinstrealisering. Digitalisering og endra arbeidsmetodar medfører forventningar om effektivisering. På statleg side er det varsla nedtrekk i ressursar. Det er truleg at kommunane og må sjå på ressursbruken framover.

7.6 Kommunebarometeret

	2018	2019	2020	2021	2022
SOS01 Snitt stønadslengde i antall måneder for mottakere av sosialhjelp, 18-24 år	237	167	190	75	14
SOS02 Snitt stønadslengde i antall måneder for mottakere av sosialhjelp, 25-66 år	263	256	212	127	117
SOS03 Andel 18-24 på sosialhjelp, korrigert	258	175		207	
SOS04 Andel 25-67 på sosialhjelp, korrigert ¹⁴					281
SOS05 Andel sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer	293	241	196	119	113
SOS06 Andel sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 10 måneder eller mer	192	237	156	83	58
SOS07 Andel av mottakerne som har arbeidinntekt som hovedinntektskilde	1	1	1	25	90
SOS08 Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av dem som går over 6 mnd på sosialhjelp	168				171
SOS09 Årsverk til økonomisk rådgivning per 1000 langtidsmottakere av stønad	248	28	20	1	19
SOS10 Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget					
SOS11 Mottakere med individuell plan, målt mot mottakere som går mer enn 6 måneder på stønad	33	42	47		

Vi kjem på ein 213.plass på sektoren sosialteneste. Vi kjem stort sett bra ut, sett vekk frå delen av befolkninga som er på sosialhjelp. Fram til 2023 vart alle som var på ventestønad (i påvente av introduksjonsprogram) registrert som sosialhjelpsmottakarar, dette kan vere ei mogleg kjelde til dei høge tala.

8 Helse og omsorg

8.1 Stillingsoversyn

Ansvar			årsverk	Tal tilsette	Kommentar
400	Administrasjon	Kommunalsjef Konsulentar	4,5	6	Ledig 30% stilling
410	Helse	Seksjonsleiar Legeteneste m/hjelpepersonell Fysioterapi Rus- og psykisk helseteneste Helsestasjon Frivilligsentralen Reinhold	20.21	28	Fastlege og helsesjukepleiar er ledige pga. rekrutteringsvanskar Delar av stillingane (rus, skulehelsetenesta) er finansiert av prosjektmidlar
420	Heimeteneste	Seksjonsleiar Heimeteneste inkl. gruppeleiar Praktisk bistand, Ergoterapeut Kreftkoordinator	24,69	42	Inkl. vaktmeister som var overflytta drift 1.6.23
430	Bu og miljø	Seksjonsleiar Markatunet Aktivitetssenteret Heimebuande Sosialkonsulent	32,5	27	
440	Smia/Fløyen	Inkludert ass seksjonsleiar (50%) og nattevakt	19,1	23	
450	Solstova/Rask	Inkludert ass seksjonsleiar (50%) og nattevakt	15,04	16	
460	Kårstova	Inkludert ass seksjonsleiar (50%), dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens og nattevakt	16,8	22	
470	Askvoll omsorgssenter	Seksjonsleiar Reinhold og vaskeri Kjøkken Aktivitør Fagutviklingssjukepleiar	12,2	16	

8.2 Sjukefråvær

Helse og omsorgsetaten har eit samla sjukefråvær i 2023 på 9, 44%. Dette fordelar seg slik:

400: Administrasjonen	5,39%
410: Helse	10,53%
420: Heimetenesta	10,10%
430: Bu og miljøtenesta	10,12%
440: Smia/ Fløyen/ omsorg	8,24%
450: Solstova/ Rask	14,35%
460: Kårstova	6,39%
470: Askvoll omsorgssenter	7,98%

Statistikken viser ein nedgang i sjukefråværet på slutten av 2023. Størst nedgang finn vi på Solstova/Rask som hadde størst nedgang, med 8% i november og desember 2023. Leiarane har god oppfølging av sjukemelde, gjennom samtale, tilrettelegging og utprøving/ overflytting til andre arbeidsplassar vedkommande er kvalifisert for.

8.3 Beskriving av tenesta

8.3.1 Administrasjon helse og omsorg

Administrasjonen har ansvar for vederlagsbereking for langtidsplassar, praktisk bistand, husleige og tryggleiksalarmer. Personalmeldingar for tilsette i omsorgstenesta og systemansvarleg innan ulike IKT system ligg til administrasjonen. Helse og omsorgstenesta har ikkje tildelingseining eller tenestekontor. Størstedelen av sakshandsaming vert gjort av seksjonsleiarar og sosialkonsulent før vedtak vert fatta, ferdigstilling/ utsending av vedtak vert gjort av tilsette i administrasjonen. Delegerte vedtak ligg til seksjonsleiarane og sosialkonsulent.

8.3.2 Seksjon for helse

Seksjon for helse består av legekontor, helsestasjon, rus og psykisk helse, fysioterapi og frivilligsentralen

- Legeteneste

Tenesta utfører allmennlegeoppgåver, smittevern, førebyggande helsearbeid, reisevaksinering og koronavaksinering, oppfølging av flyktningar over 16 år. Under legetenesta ligg også prosjektet «Læring og meistring», ei gruppe sett saman av diabetessjukepleiar, fysioterapeut, folkehelsekoordinator og brukarrepresentant som arbeider for tilbod til enkelte pasientgrupper, men har også hatt tilbod som har til innbyggjarane generelt. Legane deltek i interkommunal legevaktteneste i Førde (SYS-IKL)

- Miljøretta helsevern vert kjøpt frå Kinn kommune

- Helsestasjon, skulehelseteneste og Jordmorteneste

Tenesta har ansvar for svangerskapsomsorg, helsestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, smittevern og oppfølging av flyktningar under 16 år. Jordmortenesta gjev tilbod om kunnskapsbasert svangerskapsomsorg, for å bidra til ein helsefremjande livsstil, eit normalt svangerskap, ein naturlig fødsel og ei trygg barseltid for den nye familien. Ho deltar i tverrfagleg arbeid i kommunen og med spesialisthelsetenesta

- Frivilligsentralen

Frivilligsentralen samarbeider med Røde Kors, Flyktningtenesta, folkehelsekoordinatoren, Folkeakademiet, andre lag og organisasjonar og enkelt personar om ulike tilbod og arrangement. Frivilligsentralen administrerer frivillige til middagskjøring til heimebuande, er kommunal kontakt for serviceskyssen, administrerer den kulturelle spaserstokken, koordinerer og administrerer volontørtenesta i kommune, og deltek i BUA-prosjektet.

- Fysioterapi

Fysioterapitenesta har rehabilitering av pasientar ved Askvollheimen, organiserer og deltek i tverrfaglege innkomstmøter. Dei har oppfølging av barn i barnehage og skule. Kurativ behandling. Vidare står dei for utlån av hjelphemiddel som inneberer søker, formidling, utprøving og

opplæring, kartlegging/ vurdering av heimen og bustadsaker.

Fysioterapeutane har også gruppetreningar: seniortrim og turgruppe/ lågterskelgruppe, kurativ behandling, og koordinator som inneberer arbeid med individuell plan og deltaking i ansvarsgrupper.

- **Rus og psykisk helseteneste**

Psykiatrisk sjukepleiar utfører rettleiing, støttesamtaler, oppfølging av medisinering til personar med psykisk liding. Tenesta tek i all hovudsak imot personar over 18 år. Ruskoordinator utfører rettleiing, støttesamtaler og oppfølging av personar som har problematisk bruk av rusmiddel. Tilsette av tenesta samarbeider med spesialisthelsetenesta og dei andre tenestene om felles pasientar og brukarar etter behov og samtykke frå brukar/ pasient.

8.3.3 Seksjon for heimeteneste

Heimetenesta er ei ambulant teneste i brukarar og pasientar sin heim, og består av helsehjelp (heimesjukepleie) og praktisk bistand (heimehjelp).

Innbyggjarane bur over eit stort geografisk område og mykje tid vert nytta i bil. På fastlandet vert det ytt helsehjelp 24/7. På øyane Balandet/ Værlandet og Atløy på dagtid 5 dagar i veka fram til august 2023, deretter dag og kveld 7 dagar i veka.

Heimetenesta har oppfølging av personar i alle aldrar med komplekse og kroniske sjukdommar, personar med akutte tilstandar, personar som treng sårbehandling, kreft, legemiddelassistert rehabilitering (LAR), demens, rusavhengigheit og psykisk helseproblem. Tenestene vert ytt over kort og lang tid. Heimetenesta erfarer at behovet for helsehjelp i heimen er aukande, og behova for helsehjelp meir komplekse.

- **Kreftkoordinator**

Kreftkoordinator skal vere synleg og tilgjengeleg for kreftramma, pårørande og helsepersonell. Har oppfølging av pasientar og pårørande, samarbeid med spesialisthelsetenesta. Kreftkoordinator er bindeledd mellom pasient, fastlege, spesialisthelsetenesta og kommunane. Ho

formidlar kontakt med dei ulike tenestene og aktuelle samarbeidspartnarar, og bidrar med internundervisning og opplæring av tilsette i omsorgstenesta.

- **Hukommelsesteamet**

Hukommelsesteamet består av demenskoordinator som er spesialsjukepleiar i gerontologi, ergoterapeut og lege. Teamet utfører demensutredning og følger opp pasientar med demens og deira pårørande som har behov, og bidrar med internundervisning og opplæring av tilsette i omsorgstenesta.

- **Ergoterapeut**

Gjer råd og rettleiing til brukarar og samarbeidspartnarar med hovudvekt på ergoterapi, hjelphemiddel og velferdsteknologiske løysingar. Han kartlegg funksjonsnivå, bidra til behandling og opptrening av pasientar, tilpasse og legge til rette for kvardagsmeistring ved tilrettelegging av omgjevnadane, bruk av tekniske hjelphemiddel og velferdsteknologi. Arbeidet inneberer også heimebesøk og tilrettelegging av bustad. Ergoterapeuten samarbeider tett med dei andre seksjonane og spesialisthelsetenesta og saman med fysioterapeutane gir tilsette opplæring av tilsette i bruk av hjelphemidlar og andre ergonomiske løysingar.

8.3.4 Bu og miljø

Bu- og miljøtenesta gir teneste til brukarar med ulike funksjonsnedsettingar.

Tenestene består av:

- Markatunet som er eit bufellesskap med eigen personal base. Bebruarane har enkeltvedtak om helseteneste, praktisk bistand/ opplæring.
- Helsehjelp og praktisk bistand til heimebuande med funksjonsnedsetting.
- Brukarstyrt personleg assistanse.
- Dagaktivitetstilbod:
- ✓ Austli er eit kommunalt dagaktivitetstilbod

-
- ✓ Private tilbod som tenesta nyttar: Vevang, Inn på tunet v/Olset hestegard, «Heilt med»
 - Avlastning til foreldre vert i hovudsak gjennomført ved at barnet er i avlastningsheim hos ei annan familie. I tillegg kjøp av tenester frå Angedalen gard
 - Støttekontakt
 - Omsorgsstønad

8.3.5 Sjukeheimen

Sjukeheimen består av tre avdelingar og 9 omsorgsbustadar med heildøgn behandling og omsorg

- Smia/Fløyen/Omsorg 1
Smia/Fløyen har 15 plassar fordelt på 14 rom. Av desse er 5 kortidsplassar og 9 er langtidsplassar/ bufellesskap. Pasientar med vedtak om korttidsplass kan måtte dele rom med ein annan pasient. Omsorg 1 består av 9 leilegheiter med heildøgns omsorg der fem av dei er primært for kortids- og rehabiliteringsplassar. Fire leilegheiter har langtidsleige.
- Solstova/Rask
16 plassar fordelt på bufellesskap og langtidsplassar.
- Kårstova
Kårstova er tilrettelagt for pasientar med kognitiv svikt/ demens og er eit tilbod for langtidsplassar og ein avlastningsplass. Dagaktivitetstilbodet for heimebuande personar med demens har tilbod kvardagar. Dei held til i ein omsorgsbustad og har tilbod kvardagar på dagtid.
- Fagutviklingssjukepleiar
Stillinga som fagutviklingssjukepleiar inneber å ha fagansvar og vere pådrivar i kvalitets- og utviklingsarbeidet i etaten, delta i tverrfagleg og tverretatleg utviklingsarbeid internt i kommunen og eksternt, forbetring av rutinar, prosedyrar, implementering av ny kunnskap, kompetanseheving, opplæringstiltak og vere tilretteleggjar for undervisning innanfor ulike fagområde.
- Institusjonskjøkken

Leverer dagleg lunsj og middag til alle avdelingane på sjukeheimen og varm middag til 35-45 heimebuande. Utlevering av tørrvarer, meld, pålegg frukt til avdelingane og pasientar med korttidsleige i omsorgsbustadar.

- **Reinhold**

Tilsette ved reinhold har ansvar for reinhold ved sjukeheimen og omsorgsbustadane. Tilsette ved vaskeriet vaskar alt tøy ved sjukeheimen (lintøy, pasientar sitt privattøy) og arbeidsklede for alle tilsette i omsorgstenesta.

- **Aktivitør**

Har eit særleg ansvar for å bidra til bebruarar og pasientar sine behov for sosial kontakt, aktivitetar, bidra i behandling og treningstiltak. Dette ved eigne aktivitetstiltak og i samarbeid med andre etatar og frivillige organisasjonar.

Ansvar	Teneste	Pasient/ brukarar	Liggedøgn
400	Administrasjon		
410	Helse	Helsestasjon Jordmor	17 fødslar
		Psykisk helse/rus	Ca 60 aktive og 25-30 meir passive som tek kontakt i periodar
420	Heimeteneste	Helsehjelp	122 pasientar
			70-75 medisindosettar
		Praktisk bistand	66
		Tryggleiksalarm	55
		Omsorgsleilegheit Askvoll	19
		Kreftkoordinator	23 pasientar 20 pårørande
		Hukommelseteamet (demensteamet)	21 pasientar
		Ergoterapeut	57 brukarar
		Hjelpermidlar	374 aktive brukarar
			844 hjelpermidlar utlevert
430	Bu og miljø	Markatunet	6 tenestemottakarar
		Aktivitetssenteret	3
		BPA	1
		Prosjekt med enkelBrukarar	4
		Omsorgsstønad	9
		Dagaktivitetstilbod	7 utanfor aktivitetssenteret
		Helsehjelp	7

		Vedtak praktisk bistand	3	
		Vedtak praktisk bistand opplæring	5	
		Vedtak omsorgsbustad	6	
		Støttekontakt	55	
		Avlastning i institusjon	1	
		Brukarstyrt personleg assistanse	1	
		Avlastning (barn)	4	
		Koordinator	17 barn 11 vaksne	
		Individuell plan	28	
440	Smia/Fløyen/ Omsorg 1	Bufellesskap	15	917
		Langtidsoppdrag		1997
		Korttid rehab		314
		Korttid anna formål		927
		Korttid utredn		68
		Avlastning i inst		170
		Døgnophphald i omsorgsleilegheit Langtid	4	1401
	Omsorg 1	Korttid i omsorgsleilegheit	5	1162
450	Solstova/Rask	Bufellesskap	16	4025
		Langtidsplass		1365
		Korttid anna formål		67
		Korttid utredn		3
		Avlastning i inst		145
460	Kårstova	Langtidsplass	16	5945
		Avlastning i institusjon	1	128

8.4 Viktige hendingar

8.4.1 Seksjon helse

- **Legetenesta:** Rekrutteringsproblema knytt til fastlege heldt fram i 2023. Det måtte nyttast legevikarar fram til oktober 2023, då vi fekk tilsett ny fastlege. Stillingar med hjelpepersonell ved legekontoret vart redusert med 0,5 stillingar.
- **Læring- og meistring**
Det har vore gjennomført 2 opne føredrag med godt besøk. Det vert jobba med å utvide gruppa til å inkludere fleire fagpersonar og gruppa består no av diabetessjukepleiar, fysioterapeut, kreftkoordinator,

folkehelsekoordinator, leiar av demensteamet, ergoterapeut og brukarrepresentant.

- **Legevakt i SYS-IKL**
Ein fastlege og LIS1-legane (turnuslege) har delteke i legevaktsordninga.
- **Psykisk helse og rus**
Dei tilsette flytta inn i nye kontor i Sentrumsgården. Verdsdagen for psykisk helse vart markert. Ein av psykiatrisk sjukepleiarane starta på vidareutdanning i familieterapi, og ruskoordinatoren starta på vidareutdanning i somatisk helse for sosialarbeidrar.
- **Helsestasjonen**
To helsesjukepleiarar, ei av dei leiande helsesjukepleiarar, slutta i 2023, ei pga. overgang til pensjon og ei til arbeid i annan kommune. Ein helsesjukepleiar fekk då auka stillinga til 100%. Den ledige stillinga har vore utlyst, men det har ikkje lukkast å få kvalifiserte søkerar. Dette var løyst ved at helsesjukepleiar vart konstituert til leiande helsesjukepleiar. Ein sjukepleiar utan vidareutdanning var midlertidig tilsett i 60-80%, fortsett engasjement for barnesjukepleiar og tilkallingsavtaler med to helsesjukepleiarar. Skulehelsetenesta opplever mykje kontakt frå elevar, lærarar og foreldre. Tilsette har hatt fokus på kompetanseheving og tatt opplæring i «Tidleg inn», Partnerkurs, «Tuning inn to kids» og «Teens». Jordmortenesta fekk tilsett ny jordmor etter at ho som var tilsett gjekk av med pensjon. Jordmor har 50% stilling i Askvoll, 40% i Fjaler og 10% i Hyllestad. Har deltatt i tverrfagleg rettleiingsteam. Leiande helsesjukepleiar har deltatt i lokal og interkommunal arbeidsgruppe for utarbeiding av oppvekstplan.
- **Fysioterapi**
Planlegging av nytt førebyggande tiltak med formål om å betre balanse og styrke muskel for heimebuande. Kompetanseheving innan hjelphemiddelformidling, nevrologisk rehabilitering, Parkinson mm.

-
- **Psykolog**
Kommunen har inngått avtale med eit privat firma om digitale psykologtenester. Dette tilbodet vert nytta av helsestasjonen, tverrfaglege team og psykisk helse og rus og vaksne enkeltpersonar. Tilbodet er positiv evaluert. Barn og unge under 16 år kan ikkje nytte digitale psykologtenester og dette er ein ulempe.

8.4.2 Heimetenesta

- Starta opp heimeteneste på kveld kvardagar og dag/ kveld i helgar på Atløy og Værlandet/Bulandet den 1.9.23 etter kommunestyrevedtak. Dette har ført til endringar blant tilsette, nokre har fått auka stilling etter eige ynskje og nokre har fått delt stilling mellom øyane og fastlandet.
- Kreftsjukepleiar har 20% stilling i kompetansesenter for lindande behandling.
- Starta arbeidet med å skrifte ut alle tryggleiksalarmane på grunn av overgang til 5G (arbeidet held fram i 2024).
- Saman med sjukeheimen har det blitt gjennomført hygienerevisjon av hygienesjukepleiar frå Helse Førde. Heimetenesta og sjukheimen har også starta brukarutval og starta arbeidet med klargjering av brukarundersøking. Høgskulen på Vestlandet er ein samarbeidspart, der sjukepleiarstudentar skal reise rundt til brukarar og pasientar og hjelpe med utfylling av spørjeskjemaet.
- Vidareført 20% demenskoordinator også i 2023, ressursen går av heimetenesta sitt budsjett då det ikkje er eigne midlar til dette.
- Har utarbeida rutinar og informasjon knytt til førebyggande heimebesøk, men har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre.
- Innført og tatt i bruk Digi helse

8.4.3 Bu og miljø

- Delteke i CRPD-nettverk (to tilsette)
- Endringar i vedtak og oppstart av medleverturhus. Tilsett i faste stillingar, og bruk av vikarbyrå i dette enkeltpersonprosjektet stansa frå september 2023

-
- Arbeidd med å samle oppgåver og tilsette i stillingar i Markatunet.

8.4.4 Sjukeheimen

- Starta opp arbeid med utskifting av vindauge og dører, og montering av solskjerming, arbeidet er venta fullført våren 2024. Dette fører til eit betre inneklima.
- Saman med heimetenesta har det blitt gjennomført hygienerevisjon av hygienesjukepleiar frå Helse Førde. Dette gav pålegg om utbetring av skyljerom. Sjukheimen og heimetenesta har etablert brukarutval og starta arbeidet med klargjering av brukarundersøking. Høgskulen på Vestlandet er ein samarbeidspart, der sjukepleiarstudentar skal hjelpe pasientar med utfylling av spørjeskjemaet.
- I løpet av 2023 har det vore ca. 52 arrangement i regi av aktivitøren, i samarbeid med frivillige. Av dette tre utflukter med buss, til Kvammen, Dale og Balandet.
- Institusjonskjøkkenet lagar det meste av maten frå botnen av og får gode tilbakemeldingar for ferskt heimebaka brød til pasientane.
- Reinhald har kjøpt inn to nye reinhaldsmaskiner som lette arbeidsbelastninga til reinhaldarane. Har utvikla ein oversiktleg og grei reinhaldsplan for arbeidet

8.4.5 Rekruttere, behalde og kompetanseheving

Hovudarbeidet med kompetanseplan er gjennomført, denne vert vidare handsama i 2024. Det er gjennomført internundervisning for å auke kompetansen blant tilsette, med eit nytt tema kvar månad. Fagutviklar, andre interne kompetansepersonar og eksterne har stått for undervisning og opplæring.

I 2023 fekk vi rekruttert fleire faste fagstillingar

- Heimetenesta/sjukeheimen: 3 sjukepleiarar, 1 vernepleiar, 1 ergoterapeut, helsefagarbeidar
- Bu og miljøtenesta: 3 vernepleiarar, 3 spesialsjukepleiarar
- Helse: 1 fastlege, 1 fagleiar (frivilligsentralen), 1 sjukepleiar og 1 fysioterapeut er gått frå vikariat til fast tilsetting.

Omsorgstenesta har utdanna 2 helsefagarbeidrarar, fleire er i gang med kompetanseheving og tek fagbrev i 2024. To sjukepleiarar har fullført vidareutdanning i gerontologi. Tre av dei nytilsette sjukepleiarar starta i fast jobb direkte frå sjukepleiarutdanning, etter å ha fått stipend under utdanning. Signeringsstipend for sjukepleiarar og vernepleiarar har medført rekruttering i faste stillingar. Medleverturhus (konsentrert jobbing og lengre friperiodar) i kombinasjon med signeringsstipend har medført tilsettingar i faste stillingar i eit enkeltpersontiltak innan Bu- og miljøtenesta.

ABC opplæringa er eit kompetansehevande tiltak for kommunalt tilsette, og er støtta av Helsedirektoratet. Fagutviklingssjukepleiar er ansvarleg for denne opplæringa i kommunen, og er kontaktperson mellom Utviklingsenteret for sjukeheim og heimetenester er tilbydar og deltakarane. I 2023 har det vore deltakarar på følgande område:

Musikkbasert miljøbehandling:	2022 - 2023 med 4 deltakarar frå Bu- og miljøtenesta
Velferdsteknologiens ABC:	2022-2023 med 11 deltakarar frå omsorgstenesta
Mitt livs ABC perm 2:	2022 - 2023 med ein deltakar frå Bu- og miljøtenesta
Demensomsorgas ABC perm 1	oppstart haust 2023 med 23 deltakarar frå omsorgstenesta

I 2023 har vi hatt 9 sjukepleiarstudentar i praksis, der dei fleste går 3 året. Vi merkar at kulla i sjukepleiarutdanninga har blitt mindre, då det berre har vore fire sjukepleiarstudentar som går første året.

Omsorgstenesta har hatt fire elevar i praksis som går helse- og oppvekstfag ved Dale VGS. Praksisveiledarane gjer ein god jobb, og omsorgstenesta får gode tilbakemeldingar frå dei som har vore i praksis.

8.5 Utfordringar framover

8.5.1 Endra tenestebehov

- Talet eldre aukar og behova for helsehjelp er meir komplekse. Ein del sjukdommar aukar samtidig med at talet eldre aukar. Dette gjeld særleg demenssjukdommar, kreft og hjarte- og karsjukdommar og psykiske lidingar. Derfor vil det vere nødvendig å yte meir tenester frå

heimesjukepleia. Samtidig er det eit mål at eldre bur heime så lenge som mogleg.

- Overføring av tenester frå spesialisthelsetenesta til kommunane aukar presset på sjukeheimen, særleg på korttidsplassane ved Smia/Fløyen. Pasientar blir raskare utskrivne frå sjukehus, og fleire heimebuande pasientar med akutt funksjonssvikt treng korttidsplass med behov for høgt kvalifisert personale, både for å gje forsvarlege tenester for ulike sjukdomstilstandar og gje nødvendig rehabilitering. Med eit auka tal eldre vil også denne pasientgruppa auke. Dette må vidare sjåast i samanheng med utviklinga i heimetenesta som står overfor dei same utfordringane som sjukeheimen. Dette samsvarar med KS sin rapport:
«De siste 10-årene har vi observert 3 fundamentale endringer i helsetjenestesystemene - både i Norge og internasjonalt. 1) Det har skjedd reduksjon i liggetider i sykehusene og mer av rehabilitering og oppfølging er overlatt til primærhelsetjenestene. 2) Primærhelsetjenestene i de fleste land endres frå å være institusjonsbaserte til å bli mer hjemmebaserte. 3) Det skjer en forbedring i eldres helse og deres funksjonsevne»
<https://www.ks.no/contentassets/060cb278b480471fb65f52eab9a27b8a/Dypdykk-i-pleie-og-omsorgstjenester-2017-2021.pdf> side 3.
- Demensførekomsten i Askvoll kommune vil auke i åra som kjem. Det var i 2020 stipulert 97 personar med demenssjukdom, 113 personar i 2030 og 141 personar i 2040. Det er særleg gruppa over 80 år som aukar mest. (<https://demenskartet.no/#4645>). Personar med demens vil auke med 45% frå 2020 til 2040. Vi ser allereie no at vi har utfordringar med nok institusjonsplassar og dagaktivitetsplassar for dagens situasjon. Dette fordrar at kommunen planlegg fleire plassar med døgnbaserte plassar. Reknar vi at 15% av personar med demens treng døgnbaserte tenester vil vi trenge 6 - 8 nye plassar innan 2040. Det bør vurderast å etablere desse som bufellesskap på eit noko lågare omsorgsnivå enn Kårstova. Samtidig må dagtilbodet for heimebuande med demenssjukdom aukast og få ein meir tilpassa lokalitet. Avlastningsplassar i institusjon bør utvidast frå 1 til 2 plassar.

- Vaksne med omfattande bistandsbehov i bu- og miljøtenesta har etter kvart større tenestebehov på grunn av progredierande tilstandar. Det vil også vere behov til større leilegheiter for personar med større funksjonsnedsetting i løpet av ein 5 årsperiode. På nasjonalt plan står dei 5 prosentane med høgast kostnadane for 39% av dei samla kostnadane for kommunale pleie- og omsorgstenestene.
«Høykostnadsbrukerne er i gjennomsnitt yngre enn de øvrige brukerne (46 år vs. 66 år) og har ofte psykiske lidelser, lungelidelser, nevrologiske lidelser og særlig psykisk utviklingshemming. De har dårleg funksjonsevne, og særlig lave evner til å ivareta husholdningsfunksjoner og egenomsorg». (KS side 3:
<https://www.ks.no/contentassets/060cb278b480471fb65f52eab9a27b8a/Dypdykk-i-pleie-og-omsorgstjenester-2017-2021.pdf>)
- Behov for tenester til barn og unge er aukande. Det har vore ei stor auke kring etterspurnaden på koordinator dei siste åra. Koordinatorbehovet er nesten dobla på fire år. Fleire familiar treng tenester frå BUP, barnevern, og andre helse og omsorgstenester. Også fysioterapeutane og skulehelsetenesta merkar denne auken.
- I dag vert avlastning til barn og unge utført i avlastningsfamiliar. Framover er det behov for avlastningsleilegheiter med eige personell for å kunne yte tilstrekkeleg avlastning. Primærtenester for dei yngste må styrkast i åra framover og det er behov for å utvikle gode retningslinjer og rutinar for tverretatleg arbeid.
- Velferdsteknologiske løysingar er nødvendig for å redusere trykket på heimetenesta og bu- og miljøtenesta.

8.5.2 Førebygging

- **Førebygging** er eit viktig område for at eldre skal kunne bu heime og holde seg friske lengre. Fysio- og ergoterapitenestene er viktige i det førebyggande arbeidet. Det er nødvendig å sjå vidare på organisering av fysioterapi og ergoterapi, samt å samle ressurspersonane frå ulike fagtema. Fleire kommunar har etablert Frisklivsentral, der både frivilligsentral og læring- og meistringsgruppa kan inngå.

-
- Vi erfarer at behovet for fysioterapi er aukande både hos eldre, vaksne og barn, noko som er viktig både for behandling og førebygging.
 - I kommunen sin plan for «Leve heile livet» skal det gjennomførast førebyggande heimetilsyn til eldre. Dette var planlagt å starte i 2023, men personalmangelen innebar at dette vart vanskeleg.
 - Med tanke på det særskilde bustadmønsteret i kommunen er det viktig å samarbeide med lokale utbyggjarar for å meir utleige av bustadar i område nær servicefunksjonar, både i kommunesenteret og i bygdene.
 - Askvoll kommune skal vedta og setja i verk Oppvekstplan for Askvoll kommune, dette er eit tverretatleg samarbeid og inneberer tidleg innsats for barn og unge.
 - Meir tilgjengeleg helsestasjon for ungdom, stabil personalgruppe på helsestasjonen er føresetnad for dette.

8.5.3 Rekruttere og behalde personell, og kompetanseheving

- Kompetanseplan for helse og omsorg er under utarbeiding. Her kjem det fram at i løpet av dei neste 8 åra vil tilsvarande 4-5 årsverk som sjukepleiar og 12 årsverk som helsefagarbeidar gå av med pensjon. Dette kjem i tillegg til mangelen på fagpersonell vi allereie har, og det behovet vi får på grunn av dei demografiske endringane og oppgåveforskyving frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Det er viktig å ha fokus på rekruttering og behalde tilsette både fagutdanning og høgskule/universitet i alle helse- og omsorgstenestene.
- Det er viktig å fortsette å fokusere lokalt med kompetanseheving av tilsette, der vi tilbyr og motiverer til utdanning for assistenter og andre som arbeidar i helse- og omsorgstenester både til helsefagarbeidarar, sjukepleiar og vernepleiar. Samtidig er det viktig å legge til rette for at rekruttering av nye tilsette, og for at utflytta ungdom skal flytte tilbake og etablere seg i kommunen. Det er også viktig å støtte oppunder kompetanseheving med lønskompensasjon for etter-/ vidare- og masterutdanning.
- Heimetenesta på i Balandet og Værlandet har som resten av omsorgstenesta utfordringar med rekruttering av fagpersonar. Men, utfordringane er meir omfattande sidan dette inneberer at tilsette ved

sjukeheimen og heimetenesta og bo- og miljø i større grad må vere fleksible og ta vaktene sine på Bulandet/ Værlandet. På grunn av lang reisetid og sjeldne ferjeavgangar inneberer dette lengre vakter, overtid, kostgodgjering og overnatting. Dette medfører auka kostnadars.

- Legetenesta: Det er utfordrande og arbeidskrevjande for tilsette å stadig forhold seg til nye vikarar, og for pasientar er det lite tilfredsstillande å stadig måtte gå til ny vikar. Askvoll kommune har tildelt vakter på den interkommunale legevakta ut frå legeheimlar. Med legemangel blir det fleire vakter per lege, og meir fråvær av legar på legekontoret.
- Psykisk helse og rusarbeid: Mangel på psykolog fører til auka press på skulehelsetenesta, fysioterapitenesta og legane. Kompetansemangel er ei utfordring særleg for arbeid med barn og unge med lettare psykiske helseproblem. Den digitale løysinga som vi har inngått må sjåast på som midlertidig, då barn under 16 år kan ikkje delta i digitale psykologtenester. Det må derfor jobbast med ei langsiktig ordning i samarbeid med omliggande kommunar/ eller spesialisthelsetenester. Mangel på psykologtenester medfører at skulehelsetenesta får eit større ansvar i oppfølging av barn med lette til moderate psykiske helseproblem. Det er ikkje tilstrekkeleg ressursar til dette og helsestasjonen har ikkje den nødvendige kompetansen til desse problemstillingane. Også fysioterapitenesta opplever at stadig fleire barn og unge med åtferdsproblem vert tilvist dei. Vi ser også at vaksne med milde og moderate psykiske helseproblem ikkje får behandling i spesialisthelsetenesta, og forventinga til hjelp ligg til kommunen.

8.5.4 Organisering av tenestene og arbeidsfordeling i tenestene

- Etablering av tildelingskontor eller tenestekontor er nødvendig (jf. Leve heime livet planen) og er planlagt i 2024.
- Innan Bu- og miljø, heimetenesta og helse må ein sjå på organiseringa for å redusere talet personell på den enkelte leiar slik ein har gjort på sjukeheimen. Det er viktig å halde fram arbeidet med å arbeidet for å samle tenestene i bu- og miljøtenesta for å få eit betre fagmiljø og betre utnytting av tenestene og fagkompetansen.

-
- Heimetenestene har mykje oppfølging av personar med rus- og psykiske lidingar. Her treng vi å vurdere organisering av dette arbeidet og kva kompetanse som krevjast framover.
 - Det skal jobbast vidare med prosjektet «Gode pasientforløp» for å forbetre overgangane frå sjukehus til kommune, sjukeheim til heimesjukepleie og frå heimesjukepleie til sjukeheim.
 - På grunn av kompetansemangelen er det behov for å gå gjennom og eventuelt endre arbeidsoppgåver mellom dei ulike yrkesgruppene i omsorgstenesta (jf. Helsepersonellkommisjonen sin rapport).

8.5.5 Vedlikehald og rehabilitering av bygningsmassen

- Bygningsmassen på store delar av sjukeheimen er gammal og treng vedlikehald.
- Eit skyljerom har fått pålegg om utbetring etter hygienerevisjon.
- Institusjonskjøkkenet treng utbetring for å betre arbeidstilhøva for tilsette, dette gjeld utfordringar plass til grovkjøkkenarbeid og lager. Veggar og golv på kjøkkenet treng rehabiliterast.
- To av avdelingskjøkkena skal rehabiliterast i 2024.
- Fleire pasientbad er i dårlig forfatning og bør rehabiliterast.
- Den eldste delen av Fløyen bær preg av slitasje, og behov for utbetring. Golvet her er veldig mjukt, slik at fråflytting av sengjar og pasientløftar er svært tungt og utfordrande for personalet. Ein del av romma bær også preg av overflateslitasje. Fløyen har uhensiktsmessig plassering avdelingskjøkken/ oppholdsrom/ stove, utbygging av dette er etterspurt og sett inn i økonomiplanen.
- I samband med utskifting av vindauge er det fleire stadar avdekka svakheiter i bygningsmassen med vassinntrenging i veggar som vil krevje rehabilitering
- I sommarmånadane er det eit stort problem med maur som kjem inn i sjukeheimen, og på pasientrom
- Det er framleis stor mangel på kontor
- Manglar eigna garderobe for menn.

8.6 Kommunebarometeret

8.6.1 Pleie og omsorg

Askvoll kommune kjem på 132 plass i kommunebarometeret for 2023 i denne sektoren.

Del av tilsette med fagutdanning er 78%, i dei beste kommunane er delen 98,7%, når det gjeld årsverk med geriatrisk sjukepleiarutdanning ligg kommunen godt an, blant dei 25 beste.

På kommunebarometeret er det desse områda vi kjem best ut i samanlikning med andre kommunar:

- del plassar i skjerma avdeling målt mot del bebuarar på sjukeheim over 80 år
- rehabiliteringsplassar målt mot innbyggjarar over 67 år
- vedtak om helseteneste i heimen som vert iverksett innan 15 dagar (her er kjem vi blant dei aller beste)
- få liggedøgn på sjukehus med utskrivingsklare pasientar
- mottakarar av matombringning over 80 år som ikkje bur på sjukeheim.

Dårlegast kjem vi ut med desse områda:

- tid med lege på sjukeheim
- del bebuarar i institusjon med omfattande bistandsbehov
- del opphold på sjukeheim som er korttidsplassar
- del brukartilpassa einerom
- del som fullt ut får dekka opplevd bistand til å delta i fritidsaktivitetar

Totaltalet sjukeheimspllassar som blir meldt inn omfattar ikkje bufellesskap, som vert rekna inn med heimebuande med helsehjelp, praktisk bistand og matombringning. Dette gjer at statestikken kan tolkast annleis, både forholdet mellom institusjonspllassar og heimetneneste (heimesjukepleie, praktisk bistand og matombringning) og innad i sjukeheimen.

8.6.2 Helse

Askvoll kommune kjem på 266. plass i denne sektoren.

Vi kjem godt ut på desse områda:

- del med fullført helseundersøking innan 1. skuleår (blant dei beste)
- årsverk psykiatriske sjukepleiarar
- årsverk jordmødre (usikkert om det her er rekna eit heilt årsverk, Fjaler og Hyllestad kjøper 0,5 årsverk frå oss)

På desse område kjem vi dårlig ut:

- del fastlegelister som manglar lege
- del sjukehusopphald pr. 1000 innbyggjarar
- del fødde med heimebesøk innan 14 dagar

I Askvoll er det ikkje ledig plass på fastlegelistene. Kommunen ligg såleis dårlig an på dette nøkkeltalet i forhold til andre kommunar.

9 Bygg og eigedom

9.1 Stillingsoversyn Bygg- og eigedom

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Bygg- og eigedom /oppmåling	Liss Lien	1	1	
Bygesak		1	1	
Plan- og miljøsaker/kart		2	2	
Forvaltning og vedlikehald		0,8 tom 01.08.23	1	
Reinhold Rådhuset		0,61	2	
Samla		5,41	7	Lite

9.2 Beskriving av tenesta

Hovudansvaret til bygg- og eigedomsavdelinga er forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg (ca. 26 700 m²), utleige av kommunale utleigebustader, gjennomføring av mindre investeringsprosjekt som utviding og

oppgradering av kommunale bygg, arealplanlegging, byggesaker, kartforvaltning, oppmåling, oppfølging av forsøplingssaker, handsaming av spelemiddelsøknader og planarbeid i samband med spelemiddelsøknader samt reinhald på rådhuset.

9.3 Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Byggesaker/ kart og oppmåling	<p>Det vart handsama 95 bygge- og 18 delingssøknader (§20 i pbl) etter plan- og bygningslova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for dei ulike sakstypane ligg godt under tidsfristane i lova. Det vart skrive ut 95 ferdigattestar og 4 mellombelse bruksløyve.</p> <p>Det vart handsama 11 klager på 9 vedtak i bygge- og delingssaker. 1 klage vart teken til følgje. Av dei som vart sendt vidare til Statsforvaltaren vart 2 av kommunen sine vedtak stadfesta, 3 vedtak vart omgjort og 3 vedtak vart oppheva. I 2023 har Statsforvaltaren klaga på 2 av kommunen sine vedtak om dispensasjon frå arealdelen, desse var av dei som vart omgjort.</p> <p>I 2023 er det ikkje gjort vedtak om lovbrotngebyr.</p> <p>Det kom inn 29 rekvisisjonar av oppmålingsforretning. Dette er mindre enn normalt, som er mellom 40-50 saker. Gebyr-inntektene vart difor mindre enn budsjettert. Det vart også i 2023 nytta noko tid på retting av feil i matrikkelen frå feillister som Kartverket sender ut. Men det er mykje som står att. Matrikkelen er ei viktig kjelde til eigedomsinformasjon, og data frå matrikkelen vert nytta av ei rekke offentlege og private aktørar. Det er difor viktig at datakvaliteten er god. Det vert ikkje nytta nok ressursar til dette.</p> <p>Det er ikkje gjort noko med etterslepet frå 2019-medio 2022 når det gjeld oppdatering av bygg i kart.</p>
Plan- og miljøsaker	<p>Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken i juni.</p> <p>Det vart meldt oppstart og framlegg til planprogram for arealdelen av kommuneplanen vart lagt ut på høyring.</p> <p>Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv vart lagt ut til offentleg ettersyn</p> <p>Ingen nye detaljregulering vart ferdighandsama/vedtekne i 2023:</p> <p>Det er vedtatt 2 endringar av eksisterande planar</p> <ul style="list-style-type: none">- Bøgevik- Nærheim

Forvaltning og vedlikehald	<p>Av utført vedlikehald kan nemnast:</p> <p>Ekspedisjonsbygget: utskifting av gamle kopar vassrøyr til rør-i-rør, ny VV-tank (212.000,-)</p> <p>Skifta 18 stk. lysarmatur ved Nipa barnehage. (52.223,-)</p> <p>Utskifting defekt motor Minerga ventilasjonsanlegg til bassenget (160.000,-). Dette anlegget nærmar seg tid for utskifting.</p> <p>Regjering ventilasjonskanalar Balandet skule (58.400,-)</p> <p>Reparasjon av SD-anlegg som vart skada av overspenning ved lyn (181.000,-).</p> <p>SIFBO 4: Reparasjon etter hærverk frå ein person (50.000,-) Elles vart det nytta 100.000,- til vedlikehald av dette husværet.</p> <p>I 2023 tok vi inn 6 ungdommar i skuleferien til målingsarbeid: Dei fekk måla mesteparten av omsorgsbustadane og uthusa på vestsida av Askvollheimen, inngangspartiet ved hallen og inngangspartiet ved internatet. Dei vart også nytta til vedlikehald grøntområde.</p> <p>Vi hadde tilsyn frå Eviny på det elektriske anlegget ved Holmedal Eldresenter, Helsehuset, Tippaugen 1, Sentrumsgarden, Balandet skule og systemretta tilsyn. Det systemretta tilsynet avdekkja at det er registrert mange avvik i dei ulike bygga som ikkje er retta innan fristen og at vi ikkje har gjennomført eigenkontroll. Arbeidet med å lukke avvika vil ta ein del av vedlikehaldsbudsjettet framover samt personalressursar for å få gjennomført alle eigenkontrollane.</p> <p>Hausten 2023 vart det tilsyn frå Folkehelseavdeling på skulane og barnehagane i kommunen. Berre Atløy skule og Balandet skule og barnehage vart godkjent. Dei andre skulane og barnehagane vart det avdekkja avvik på bygg og uteområde som må rettast. Nokre avvik vart retta i 2023 og nokre må rettast i 2024 og er prioritert i vedlikehaldsbudsjettet.</p>
Investeringsprosjekt	<p>Oppgradering Bakketun: Prosjektnr 1243: Alle vindauge og altandører er skifta. Veggar og tak vart etterisolert. Det vart sett opp rekkverk på carport og sette inn balkongdør husvære vest. Det vart installert ventilasjonsanlegg i begge husværa. Taktekking vart skifta til ståltak. Dette bygget frå 1970 har no bra standard. Kommunen fekk 472.380 i tilskot frå Husbanken.</p> <p>Ny pumpe og båt Kyllaren: prosjektnr 1088. Ny pumpe er kjøpt inn, men ikkje båten. Har ikkje funne eigna båt til sals i nærlieken.</p> <p>Ombygging internat: prosjektnr 1247. Tidlegare matsal, stove og kjøkken i lågbygget pussa opp slik at det kan nyttast til norskundervisning for flyktningar. Vindauga mot sør og vest (14 stk.) vart skifta og delar av fasaden mot sør og heile mot vest vart</p>

	etterisolert og kledd med ALU tile fasadeplater. Innvendig vart det skifta omnar og pussa opp.
Kjøp/Sal av eigedomar	Gbnr 22/249 bustadomter i Storehaugen til Friplan AS
Kommunal utleige-bustader	<p>Bygg- og eigedomsavdelinga leiger ved utgangen av 2023 inn 29 husvære frå private til busetjing av flyktingar. Det har gått med ein del tid å administrere dette.</p> <p>I 2023 har det meste av dei kommunale husværa i Askvoll sentrum vert utleidd. I trygdebustadene i Bulandet, Værlandet og Holmedal har det vert nokre ledige husvære heile året og mesteparten av desse husværa har vert leigt ut til andre enn det dei vart bygd for.</p> <p>Ved utgangen av 2023 var alle husværa i Kvartetten, som kommunen leiger av Norges Naustdal Bustadbygg, leigd ut til flyktingar /vanskelegstilte.</p>

9.4 Utfordringar framover


Sjølv om det no er laga ein vedlikehaldsplan som syner trangen for vedlikehald og oppgradering, vert det i budsjetta sett av mindre midlar enn det som er behovet, dvs. vedlikehaldsetterslepet vert større. Prosjektet med skifting av vindauge på Askvollheimen har avdekkja trang for større utbetringar av veggar og løysing for takrenner. Vi driv mykje med «brannsløkking» etter tilsyn og meldte avvik i staden for verdibehavarande vedlikehald av bygga til kommunen. Det er også ei utfordring å ha tilstrekkeleg kompetanse og å halde seg oppdatert innanfor alle dei ulike fagfelta avdelinga har ansvar for.

9.5 Kommunebarometeret

	2018	2019	2020	2021	2022
SAK01 Andel byggesøknader der kommunen har overskredet lovpålagt saksbehandlingstid	138	218	135	94	91
SAK02 Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker med 3 ukers frist	213	75	110	32	159
SAK03 Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker med 12 ukers frist	158	148	114	74	89
SAK04 Andel av vedtatte byggesaker med faktisk tilsyn			181		
SAK05 Saksbehandlingsgebyr for enebolig					
SAK06 Andel av byggesøknader innvilget ved dispensasjon fra plan			147		96
SAK07 Andel byggesøknader innvilget i områder med restriksjoner			69		5
SAK08 Gebyr for privat forslag til reguleringsplan					

Vi kjem på 190. plass i sektor sakshandsaming. Alle måltal er gode, men vi har ikkje rangering på ein del av tala.


9.5.1 Netto driftsutgifter per innbyggjar (301) plansaksbehandling



Lønnskostnader for 2 stillinger ligg på denne tenesta, men delar av den eine stillinga vert nytta til handsaming og planarbeid i samband med spelemidelsøknader og delar av den andre stillinga vert nytta til

kartforvaltning. Det er ikkje gebyrinntekter på plansaker i 2023. Nokre av planleggingsoppgåvene krev like mykje ressursar om ein har få eller mange innbyggjarar, så det er noko av forklaringa på kvifor Askvoll ligg høgt her.

9.5.2 Netto driftsutgifter per innbyggjar (265) kommunalt disponerte bustader



	2020	2021	2022	2023
Askvoll	-950	-701	-610	-831
Vestland	-3	199	256	237
Kostragruppe 04	-137	14	169	69
Bremanger	109	3 659	3 697	653
Gloppen	-866	-546	-611	-855
Landet uten Oslo	107	219	289	379

Dei kommunale bustadene er med å finansiere drift og vedlikehald av dei kommunale formålsbygga. Det er ikkje ført lønsutgifter til administrering av utleige mm på denne tenesta. Dette ligg på eigedomsforvaltning.

10 Teknisk drift

10.1 Stillingsoversyn

Teknisk drift har to tilsette. Dette er:

- Teknisk sjef (100% stilling).
- VA-ingeniør (100% stilling)

10.2 Sjukefråvær

Sidan teknisk drift berre har to tilsette har vi ikkje grunnlag for å kunne framstille sjukefråvær. På generelt grunnlag kan ein seie at området har lavt sjukefråvær.

10.3 Beskriving av tenesta

Teknisk drift har ansvar for :

- Kommunale vassverk. Askvoll- Holmedal vassverk (ca. 650 abonnentar), Gjelsvik vassverk (skulen som hovudabonnent), Kvammen vassverk (ca. 35 abonnentar) og Bulandet vassverk (ca. 120 abonnentar).
- Kommunale avlaupsanlegg. Desse ligg på Herland, Grov, Sauesundet, Dørhella, Hellegjerde, Holmedal, Askvoll sentrum, Ask, Olsetvikane, Stongfjorden og Kvammen. Kommunen sine anlegg er slamavskiljarar.
- Kommunale vegar. Totalt har vi ca. 80 km med kommunal veg derav ca. 60 km har fast dekke. Kommunen brøyter kommunale vegar og har abonnementsordning for private vegar som vert brøyta av kommunen mot avgift. Innleige av maskiner skjer via rammeavtale som kommunen har med 3 entreprenørar
- Kommunale kaier. Kommunen har eigne kaier i Stongfjorden, Eikenes, Askvoll gamle sentrum, Askvoll sentrum, Høyvik og i Bulandet. I tillegg har kommunen vedlikehaldsansvar for allmenningskaier i kommunen (Stavestrand, to på Herland, Værøy hamn, Landøy og Sandøy). Har inngått avtale med fylkeskommunen knytt til bruk av ekspressbåt-kai mm i Askvoll.

- Kommunen har ein del grøntområde (bauta i Gjelsvik, Statue i Rivedal, Holmedal, Askvoll og Stongfjorden). Hovudparten ligg i området ved tusenårssparken, Øyra mm i Askvoll sentrum.
- Kommunale veglys. Desse er under endring sidan kommunen har inngått avtale med Vestland Fylkeskommune som har teke over ca. 300 veglys. Kommunen vil ha igjen mellom 100-150 veglys.



10.4 Viktige hendingar

Ny hovudplan for vassverk. Denne vart vedteken i 2023 og gjev føringar for kommunen sine investeringar mm.

NVE har tidlegare stilt krav til kommunale dammar. I 2023 fekk kommunen laga til nye dam i Kvammen. NVE har i etterkant av dette godkjent at den vert ned klassifisering til dam med lågare faregrad enn det som dammen hadde tidlegare.

Vart arbeidd vidare med krav frå NVE for dammar ved Nyksvatn. Kommunen fekk i 2023 klarert avtale om kjøp av eigedom ved Bakkeelva.

Avlaupsdirektiv vil gje kommunen ytterlegare krav med tanke på forureining. I forslag til revidert avløpsdirektiv er verkeområde utvida, skilje mellom ferskvatn- og sjøresipientar fjerna, definisjon av tettstadar endra og konkretist, minimum sekundær reinsing blir gjeldande for alle tettstadar over 1 000 personekvivalente, krav til reinsegrad for nitrogenfjerning og fosforfjerning vert strengare mm. I januar 2024 vart det oppnått semje innanfor EU-institusjonane om å innføre direktivet.

Askvoll kommune fekk på plass slamavskiljar ved Korseberget. Den vil dekke delar av sentrum samt Storehaugen / Askvoll Øvre til Askvoll kyrkje.

Veglys vart oppgradert blant anna over Leira mm. Kommunen starta oktober 2023 arbeid med Vestland Fylkeskommune om å få overlevere veglys som ligg langs Fylkesvegar. Avtale er signert i april 2024.

Kommunen fekk oppgradert kommunale trekaier i sentrum og på Værlandet i 2023.

10.5 Utfordringar framover



Få på plass:

- Hovudplan for veg i 2024 med trafikktryggingsplan.
- Ny hovudplan for avlaup og avklare kva følgjer kommunen vil få med nytt avlaupsdirektiv frå 2024.
- Følgje opp hovudplan for vatn.
- Få på plass meir inntekter på kommunale kaier.

Kommunen har mykje kommunal veg der delar av den har for dårlig bereevne. Kostar mykje å utbetre dei kommunale vegane til fullgod standard. Arbeid med hovudplan vil vere avgjerande for val av løysingar og bruk av kommunen sine ressursar til kommunale vegar.

Vassverk. Større krav til reserveløysing vil krevje investeringar innanfor området. Sidan det er relativt få abonnentar vil dette få konsekvensar for årsavgifter til abonnentane. Oppgradering av eldre reinseanlegg i Askvoll- og Holmedal vassverk (bygning mm) vil måtte gjennomførast snart. Hovudplanen vil vere med å gje enklare og betre styring av nødvendige investeringane.

Avlaup. Her er det føring om strengare krav. Vi skal og gjennomføre tilsyn av avlaupsanlegg mm. Vidare utbygging av kommunale avlaupsanlegg i Holmedal og Askvoll sentrum må gjennomførast. Kostnad med tømming av slamavskiljarar vil utgjere ein stor del av grunnlag for avgifter for abonnentar til kommunale avlaup (sjølvkostordninga). Hovudplan vil vere eit avgjerande verktøy for å utvikle området.

Kaier. Her må kommunen få inn avgifter/kaileige for å finansierer vedlikehald og utbetring av dei kommunale kaiene. Løysing har vore etterlyst politisk og det vil komme sak om dette i 2024. Viktig at kaiene vert oppgradert og rigga med kai-skinner, leider, fender mm. Godt vedlikehaldne kaier vert oppfatta positivt for dei reisande på sjøen (ekspressen mm).

Grøntområde. Kommunen har vore aktiv i å bruke robotklipparar på kommunale grøntområde. Dette har frigjeve personalressursar som kan gjere andre viktige vedlikehaldsoppgåve. For å unngå at oppfølging av robotklipparar framover vert ein ny tidstjuv må det på plass eit fornyingsprogram som sikrar at kommunen får fornya eldre robotklipparar. Ei slik fornying vil vere ei god investering for kommunen på sikt.

10.6 Kommunebarometeret

Nedanfor ligg tabell som viser rangering innanfor vatn og avlaup.


Rangering

	2018	2019	2020	2021	2022
VA01 Årsgebyr for vann, avløp, renovasjon og feiling	286	304	314	289	322
VA02 Andel abonnenter tilknyttet vannforsyning med tilfredsstillende e.coli-prøveresultater	1	1	1	1	1
VA03 Andel abonnenter tilknyttet vannforsyning med tilfredsstillende IE-prøveresultater	1	1	1	1	1
VA04 Andel abonnenter tilknyttet vannforsyning med tilfredsstillende farge	1	1	1	1	1
VA05 Andel abonnenter tilknyttet vannforsyning med tilfredsstillende pH-verdi	280	284	278	291	284
VA06 Brudd i vannleveransen, snitt timer per år per innbygger	138	157	145	107	142
VA07 Andel av vannet som går tapt på grunn av lekkasjer	186	209	218	214	217
VA08 Andel formyet vannledningsnett siste tre år					270
VA09 Beregnet gjennomsnittsalder for det kommunale vannledningsnett med kjent alder					166
VA10 Andel formyet spillovannsnett siste tre år, avløp					
VA11 Alder på spillovannsnettet	279	285	312	319	323
VA12 Andel innbyggere som er tilknyttet anlegg som overholder alle rensekrav	1	1	2	2	2
VA13 Antall stopp i kloakken per 100 km spillovannsnett					180
VA14 Oversvømmelser per 10000 innbygger					1


- Kommunen har større lekkasjeprosent enn det som er rapportert før.
- Kommunen må arbeid vidare med å dokumentert leidningsnett til avlaup.

Vann og avløp

VA01 Årsgebyr for vann, avløp, renovasjon og feiling



VA02 Andel abonnenter tilknyttet vannforsyning med tilfredsstillende e.coli-prøveresultater



11 Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad

11.1 Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad  <p>FJALER KOMMUNE -eit ope samfunn</p> <p>Hyllestad kommune Inkluderande og attraktiv</p> <p>Askvoll KOMMUNE -rom for eventyr !</p>	<p>Etter initiativ frå Hyllestad kommune vart det frå 01.08.20 felles landbruksforvaltning mellom Askvoll, Fjaler og Hyllestad. 2023 er slik tredje året med felles landbruksforvaltning i dei tre kommunane.</p> <p>Auka reiseavstandar, og organisering av arbeidet i tre kommunar, har gjeve noko meir tidsbruk, samstundes som samarbeidet har gjort ein meir robuste, med mogelegheit for ei betre oppgåvefordeling knytt til ordningane ein forvaltar.</p> <p>Landbruksforvaltninga har hovudkontor i Askvoll, med kontordagar i Fjaler og Hyllestad. Ifølgje Samarbeidsavtala vert kostnaden med landbruks-forvaltninga delt mellom kommunane med 40 % på kvar av kommunane Askvoll og Fjaler, og 20 % for Hyllestad.</p> <p>Det er lagt opp til 5 stillingsheimlar.</p>
Generelle tilhøve i landbruket.	<p>I 2022 hadde ein eit krevjande år, med mykje nedbør, som gav vanskar med spreying av gjødsel, og avlingssvikt på fleire bruk. 2023 har i våre kommunar vore eit relativt godt år med omsyn til passeleg nedbør i rett tid og gode avlingar av god kvalitet.</p> <p>Sterk inflasjon, rente- og kostnadsauke, har vidare påverka landbruket, med høge kostnader mellom anna knytt til diesel, kraftfør, kunstgjødsel og byggekostnader. Situasjonen vert opplevd som urovekkande, og særskilt med tanke på kommande krav til investeringar i nybygg/ ombyggingar, og fare for avskaling i tal bruk i drift. Samstundes har det skjedd ei styrking av mange av ordningane over</p>

<p>Produksjonstilskot/ RMP</p>  	<p>jordbruksavtalen der mellom anna tilskots-midlane fr IN har auka frå 2 millionar i tilskotstak til 3,5 for investeringsprosjekt, og inntil 50% tilskot, avgrensa til 5 millionar for omlegging til lausdrift/ storfe.</p> <p>Forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket</p> <p>Landbruksforvaltninga har forvaltning- og kontrolloppgåver knytt til produksjonstilskots-ordninga. I HAF utgjer PT-midlane om lag 106 millionar (inkl. Avløysartilskot), som set strenge krav til forvaltninga. I 2023 handsama vi 264 søknader i mars og i oktober (totalt 528 PT-søknader), fordelt på; 48 i Hyllestad, 111 i Askvoll og 105 i Fjaler per søknadsomgang. I tråd med regelverket skal det gjennomførast kontroll på 10% av føretaka.</p> <p>Sjølv om landbruket er prega av mange år med driftsrasjonalisering, der ein høg del av leigejord er blitt ein viktig del av driftsgrunnlaget, er tal søknader om produksjonstilskot relativt stabilt. Satsane både for arealtilskot og husdyrttilskot har auka vesentleg dei to siste åra, (med om lag 25%), noko som kan ha bidrige til å halde oppe søknadsmengda. Ein ser vidare ein trend med auka fokus på sjølvforsyning og drift av småskalalandbruk i kombinasjon med anna arbeid.</p> <p>Regionalt miljøtilskotet i jordbruket (RMP)</p> <ul style="list-style-type: none"> – Er eit regionalt tilskot for å stimulere til å oppretthalde og utvikle ei ope og variert kulturlandskap og å fremje god agronomi og miljø. <p>I 2023 handsama vi til saman i dei tre kommunane; 122 søknader (Askvoll 39, Fjaler 55, Hyllestad 28), med ei samla tilskotsramma på om lag 2.5 mill. Det var i hovudsak søknader om tilskot til slått av bratt areal. I tillegg er det ein auke i tal føretak som søker om miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel. (Nedfelling og spreiling av husdyrgjødsel med tilførselsslange).</p> <p>Velferdsordning – Avløsing ved sjukdom</p> <p>I 2021 var det handsama og betalt ut tilskot til avløsingar ved sjukdom til 33 føretak i HAF.</p>
---	--

	<p>Gardskart – Ajourhald av kartgrunnlaget</p> <p>Gardskart med innteikna grenser for til dømes fulldyrka jord, overflatedyrka og innmarksbeite er svært viktig for forvaltning av ulike støtteordningar og arealregelverk i landbruket. Tala i kartet vert m.a. lagt til grunn ved søknad om produksjonstilskot, så det er svært viktig at tala er rette. I 2023 vart det retta kart på 44 eigedomar i dei tre kommunane. Det innebar mykje feltarbeid med synfaring av areal, og rettingar i kartbasen.</p>
<p>Viltforvaltning</p> <p>Hjort</p> <p><u>Tal felte hjortedyr i kommunane i 2023:</u></p> <p>Askvoll: 781 hjortedyr Fjaler: 929 hjortedyr Hyllestad: 639 hjortedyr. <u>Sum HAF: 2.349 hjortedyr</u></p> <p>Alle tre kommunar har høge fellingsstal sett i eit historisk perspektiv, noko som er bra i høve målsetting om generell bestandsreduksjon for hjort i alle tre kommunar. Hyllestad og Fjaler setter ny fellingsrekord i 2023, medan Askvoll har nest høgste fellingsstal nokon gang.</p>	
<p>Skog</p>  <p>Bilete frå opning av tømmerkaia i Fjaler</p>	<p>Skogbruk</p> <p>Det er viktig at skogeigarar planlegg godt før uttak av skog, og gjer vurderingar saman med vegplanleggar og/eller kommune i forhold til vegløysingar. Det er svært mykje å spare/vinne på god planlegging av skogsdrifter og vegløysingar!</p> <p>Hugs at det er lovpålagt å plante til etter skogsdrift, og det er gode tilskottssatsar på utplanting.</p> <p>I Askvoll, Fjaler og Hyllestad er det i gang skogbruksplanprosjekt. Skogeigarane i dei tre kommunane vil få informasjon og tilbod om skogbruksplanting våren 2024.</p>

Godord frå skogen



Bilete frå artikkel i Firda, der det er synt til at god planlegging og samarbeid mellom kommune, grunneigar og fleire aktørar, har gjeve god utteljing for skogeigar (Hyllestad).

Nydyrkning



Drenering



Tilbodet om skogbruksplan vil verte svært viktig for skogeigarane i dei tre kommunane, pga. nye krav i PEFC-sertifiseringa til skogbruket. Planting er vidare eit viktig nasjonalt klimatiltak, der skogen bidreg med å binde store mengder CO₂.

Søknader om nydyrkning

I Askvoll er det gitt løyve til 23 daa nydyrkning (2 søknader), og i Fjaler er det gitt løyve til 49 daa nydyrkning(3 søknader) . Det er ytterlegare to søknader i Askvoll og 1 søknad i Fjaler frå 2023 som det vil bli gjort vedtak på i 2024.

Det var ingen søknadar på nydyrkning i Hyllestad i 2023.

Etter jordbruksforhandlingane blei tilskotssatsen for drenering auka, med verknad frå juli 2023.

Tilskotssatsen vart auka frå kr 2.500 kr til kr 4.000 per daa til profilering, omgraving og systematisk grøfting, og frå kr 38 til kr 61 per løpemeter for usystematisk grøfting og avskjeringsgrøfter.

Askvoll vart tildelt kr 150.000 og kr 4.425 vart trekt inn frå ikkje tiltak som ikkje var gjennomført innan frist. Det ble gitt ein ekstra tildeling frå Statsforvaltaren på kr 112.500 kr, grunna høg aktivitet. Den totale ramma i 2023 var kr 266.925. Det var 15 søknadar. To vart sendt inn etter saksbehandlingssystemet stengte i desember og blir behandla i 2024. 13 søknadar vart innvilga og det vart løyvd kr 266.403 til dreneringstiltak, som svarar til 99,8 % av den totale ramma

Fjaler ble tildelt kr 300.000, kr 28.000 vart trekt inn og omfordelt til Hyllestad kommune. Det vart trekt inn kr 17.324 frå ikkje fullførte tiltak, som gav ei samla ramme på kr 289.324. 13 søknadar vart innvilga og



det ble løyvd kr 277.280, dvs. 96 % av den totale ramma vart nytta i 2023.


Hyllestad fekk tildelt kr 100.000 til dreneringstiltak, det vart trekt inn kr 10.480 frå ikkje gjennomførte tiltak, og kr 28.000 vart seinare tildelt frå fylket som ekstraløyving. Det var sendt inn 8 søknadar i 2023, alle søknadane vart innvilga, totalt kr 138.176 .

Askvoll kommune fekk tildelt ei ramme på kr 65.000 i tilskot til investeringstiltak i beitelaga frå Statsforvaltaren. I tillegg vart det inndratt kr 11.375 av unytta midlar, og tildelt kr 8.000 i ekstraløyving i løpet av året. Dette gav ei samla ramme på kr 84.375. Samla kostnadsoverslag for søknadane i 2023 var kr 223.950. 5 søknadar fekk løyving, og 1 søknad vart avslått. Det ble gitt 48 % tilskotsats til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr, og 41 % tilskot til faste installasjoner.

Fjaler kommune fekk tildelt kr 55.000 i Tilskot til tiltak i beiteområdet. Samla kostnadsoverslag for søknadane var kr 113.860 kr, fordelt på 3 søknadar. Alle søknadane vart prioritert, og det vart løyvd ca. 50% tilskotssats til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr.

Hyllestad kommune har i 2023 fått tildelt kr 20.000 til tiltak i beiteområdet. Det var ingen søknadar på ordninga i 2023 og dermed fekk ein omfordelt midlane til tiltak i Askvoll og Fjaler.

Beitelag Investeringsstilskot



Beitelag Driftstilskot

Føretak som har dyr på utmarksbeite kan organisere seg i beitelag og samarbeide om tilsyn, sanking og andre fellestiltak. Ein handsama 9 søknader om driftstilskot til Beitelaga i Askvoll, Fjaler, og Hyllestad i 2023. I Askvoll er det 5 aktive beitelag, i Hyllestad 1 lag og i Fjaler 3 lag. Berre beitelaget i Hyllestad fekk avslag på tilskot fordi dei ikkje oppfylte krava som er sett i §5 Forskrift om regionale miljøtilskot, Vestland.

<p>Smil</p>   	<p>Askvoll :</p> <p>Det vart tildelt kr 340.000 frå Statsforvaltaren i ordinær Smil ramme for Askvoll kommune, dette er ei gledeleg auke på kr 50.000 i høve til 2022, og skuldast høg aktivitet på Smil tiltak i kommunen. I løpet av året vart det trekt inn kr 46.200 frå eit prosjekt tildelt i 2018 som ikkje vart gjennomført, det var vidare om fordelt heile kr 119.500 frå statsforvaltaren til Askvoll kommune frå andre kommunar som ikkje brukte opp si tildeling. Dette gjorde at kommunen gjorde løyving i alle sakene som kom inn under ordninga i 2023. Total løyving var i 2023 på kr 505.600. Det var innvilga 9 søknader, hovudsakleg knytt til beiterydding, gjerdetiltak, men og til restaurering av bygg</p> <p>Fjaler:</p> <p>Tildelte midlar frå fylket var i 2023 på kr 380.000 dette er ei gledeleg auke på kr 110.000 i høve til 2022, og noko av grunnen til dette er høg aktivitet på Smil tiltak i kommunen. I løpet av året vart det trekt inn kr 64.900 frå prosjekt som ikkje vart gjennomført. Det vart vidare internt omfordelt kr 44.300 til Askvoll/Hyllestad frå Fjaler. Total løyving var i 2023 på kr 400.600. 12 søknader fekk tildelt midlar gjennom ordninga. Søknadane omfatta beiterydding, gjerdetiltak, restaurering av bygg og erosjonssikring.</p> <p>Hyllestad:</p> <p>Det vart tildelt kr 140.000 i ordinær Smil ramme for Hyllestad kommune. Dette er ei gledeleg auke på kr 30.000 i høve til 2022, og noko av grunnen til dette er auka aktivitet på Smil tiltak i kommunen. I løpet av året vart det omfordelt kr 9.800 frå prosjekt som ikkje vart fullført i Hyllestad og kr 17.050 frå Statsforvaltaren frå andre kommunar i Vestland som hadde ledige midlar ved slutten av året. Total løyving for 2023 var på kr 166.850. Det var 5 søknader til Smil ordninga og alle fekk tildelt midlar gjennom ordninga. 4 søknader innan beiterydding/gjerding og 1 søknad på tak over gjødselsilo.</p>
---	--

Veterinærtenestene.



Veterinærvaktområda

Ifølge. forskrift for dyrehelsepersonell §3, har kommunen ansvar for at det er tilfredsstillande veterinærtenester i kommunen. Askvoll er eige vaktområde, medan Fjaler, Hyllestad og Solund utgjer eit vaktområde (Hyllestad vaktområde).

I Askvoll vert veterinærtenestene utført av 2 faste veterinærar, pluss ein veterinær som deltek i nokre vakter (hovudsak klinisk vakt i helg).

I Fjaler, Hyllestad og Solund er det 3 veterinærar som utfører tenestene. For vaktområdet Hyllestad, Fjaler og Solund, er det kome på plass ny avtale med veterinærane, som tredde i kraft frå jan 2022.

I 2023 har ein hatt permisjon for ein veterinær, i Hyllestad vaktområde, som har gjeve eit ekstra krevjande år for veterinærvakta. Det vart søkt om ekstra stimuleringstilskot frå Statsforvaltaren, for å kompensere for auka vaktbelastning. Det vart innvilga kr. 30.000, som er utbetalt til vaktområdet. Ein har gjennomført kurs i krise-/ beredskapshandtering for ein veterinær. Tanken er å få gjennomført eit samhandlingsmøte med brannvesen i 2024, som ein del av beredskapsarbeidet.

Tilbakemeldingane frå landbruksnæringa er at veterinærtenestene generelt er velfungerande og gjev gode tenester til landbruksnæringa.

Ordninga er vidare sårbar, der det i mange vaktområde har synt seg å være utfordrande å skaffe veterinærar som ynskjer og har kompetanse til å jobbe med produksjonsdyr. I næringssvake områder kan det være krevjande å sikre stabil veterinærdekning, der ein både skal ta omsyn til vaktordning/ belastning, samt eit tilfredsstillande næringsgrunnlag for den einskilde veterinær.

Dette er eit svært viktig fokusområde framover, og eit viktig tema som kommunane har spelt inn til Statsforvaltaren, samt i Fylkeskommunen sin temoplan for landbruk, mellom anna med trong for å

	<p>styrke tilskotsordningane for veterinærkraft/-dekning, samt rekruttering av veterinærar som arbeider med produksjonsdyr. Med bakgrunn i mellom anna innspeil frå kommunane, har landbruk- og matdepartementet i 2023 sett ned ei arbeidsgruppe (leia av KS), med bakgrunn i at veterinærdekninga i landbruket er under press fleire stader i landet. Lenke:</p> <p>https://www.regieringen.no/no/aktuelt/rapport-om-tilgang-pa-veterinartjenester/id2966210/</p> <p>Deling (§12) og omdisponering (§9)</p> <p>Lovsaker</p> <p>Jordlova</p> <p>Fjaler: Ein har i 2023 hatt 12 delingssøknader, der 9 er handsama etter jordlova. 5 søknader gjeld til bustadføremål, 1 tilleggsjord, og 3 gjeld grensejusteringar/ tomt til fritid.</p> <p>Det var godkjent omdisponering av totalt 0,8da jordbruksareal, etter jordlova §9, 5 til bustadføremål, 1 grensejustering tomt (Naust), i tråd med inngått rettsforlik.</p> <p>Hyllestad: Det er handsama 1 delingssøknader, der føremålet var høvesvis frådeling av tilleggsjord til bruk i aktiv drift, og busetting på frådelt tun.</p> <p>Det er godkjent omdisponering av 1,2da til landbruksføremål, knytt til utbygging av fjøs m.m.</p> <p>Driveplikt/ jordleigeavtaler</p>
--	---

	<p>drift. Fokus har vore på område der det er meldt inn trøng for meir grovfør, frå bruk i aktiv drift. Ein har sendt ut skriv og vore på synfaring på nokre bruk, og det er kome i stand nokre nye jordleigeavtaler etter oppfylging. Statsforvaltaren har i skriv til kommunane, bede om at ein må auke fokus på oppfylging av driveplikta. Ein har hatt ein søknad om dispensasjon frå driveplikt som er innvilga. Ordninga er svært ressurskrevjande, der ein samla har i overkant av 1100 landbrukseigedommar i HAF.</p> <p>Samla har ein i HAF hatt 127 saker som gjeld eigedomsoverdraging ved eigenerklæring om konsesjonsfridom. Landbruksforvaltninga har ansvar og rettleiingsplikt knytt til ordninga, og godkjenner og fører konsesjonsforholda i matrikkelen.</p> <p>I Askvoll er det handsama 9 konsesjonssaker, der det er sett vilkår etter §11 (buplikt), i 3 av sakene.</p> <p>I Fjaler er det handsama 4 konsesjonssøknader, 3 med vilkår etter §11 (buplikt), og 1 søknad om kjøp av skogteig med vilkår om at teigen skal leggast til ervervar sitt tilgrensande bruk/ skogeigedom.</p> <p>I Hyllestad er det handsama 6 søknader om konsesjon, med vilkår om buplikt etter §11 i 5 saker, og vilkår om at tilleggsjord skal drivast ilag med søker sine eigne areal i ei sak (ei driftseining).</p> <p>I tillegg til konsesjonshandsaminga kjem oppfylging av bupliktsaker, samt oppfylging av saker med dødsbu, etter nytt lovverk frå januar 2022.</p>
Innovasjon Norge	<p>Landbruksforvaltninga har rettleiing- og formidlingsrolle, og ferdiggodkjenning av bygg/ prosjekt, knytt til investerings- og bedriftsutviklingsmidlane til Innovasjon Norge.</p> <p>I 2023 har ein gjeve uttale til totalt 14 søknader i HAF til Innovasjon Norge (IN). Søknadspågangen er slik rekordstor, noko som mellom anna heng</p>



Ny Mjølkefjøs opna i Hyllestad (2022)



Askvoll nytt ammekufjøs

saman med innføring av ordninga om ressursavklaring- / forprosjekt som del av Innovasjonsordninga.

I **Askvoll** hadde ein totalt 6 søknader, der 2 søknader var knytt til ordninga ressursavklaring (mjølkebruk), 2 ombyggingsprosjekt sauefjøs, og ein Generasjonsskifte/ investeringssøknad for mjølke-produksjon. Ein hadde også 1 prosjekt knytt til bygg for produksjon av flis/ pellets.

Ein har gjennomført ferdiggodkjenning av 2 fjøsar, der ein gjaldt ombygging/ tilbygg, for sau/ storfe, samt eit nybygg for kjøtproduksjon på storfe.

I **Fjaler** hadde ein fem søknader til forprosjekt/ ressursavklaring (alle innvilga), samt to Investeringssøknader til ombygging fjøs (begge innvilga). Ein hadde ei ferdiggodkjenning av ombygging av eit fjøs for storfehald.

I **Hyllestad** hadde ein hadde 3 søknader til IN, der eit var ei tilleggsfinansiering knytt til eit større nybygg for mjølkeproduksjon (ferdiggodkjent i 2023), 1 søknad om påbygg/ ombygging knytt til hest i næring/ inn på tunet, samt ein søknad om bygging av eksternt gjødsellager.

11.2 Viktige hendingar

Brukane

Landbruksforvaltninga si primære arbeidsoppgåve er å utøve den statlege landbrukspolitikken. I praksis vil det seie å forvalte midlane over jordbruksavtalen, handheve lovverket knytt til jord og utmark, og være ein medspelar for å utvikle landbruksnæringa gjennom ordningane ein forvaltar.

Interne prosessar

I 2023 har ein hatt ein del langtids sjukefråvær. Dette har medført noko etterslep for nokre oppgåver ein har ynska å arbeide med. Dette har også medført at arbeidsbelastninga til tider har vore høg for å ivareta kjerneoppgåvene. Ein har gjennomført arbeidsmøte for tilpassingar, knytt til fordeling av oppgåver, samt tilrettelegging for å redusere belastning/ betre oppgåvefordeling.

Økonomi

Innanfor dei økonomiske rammer som etaten er tildelt har landbruksforvaltninga utført dei pålagde oppgåvene på ein forsvarleg forvaltningsmessig god måte.

Samfunnstryggleik og beredskap

Ein har Fjaler og Hyllestad jobba med kartlegging av tilgang på straum/ vatn (straumaggregat/ tilgang på eige vassforsyning) på mjølkebruka/ dei større brukene, som del av beredskapsarbeidet i kommunane. Det er i tillegg gjennomført kurs i krisehandtering, for ein veterinær i Hyllestad vaktområde, og planlagt fellesøving i 2024 med veterinær/brannvesen (Fjaler).

11.3 Utfordringar framover

Næringa; Frå 2034 er det eit generelt krav at all storfedrift skal vere lausdrift, og frå 2024 er det krav om kalvingsbinge i alle båsfjøs samt utvida beitekrav frå 8 veker til 16 veker. Ei av dei største utfordringane er å få lagt om mjølkeproduksjonen frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, sikre rekruttering til næringa, og å utvikle og fornye driftsbygningane i landbruket. Høge kostnader knytt til innsatsfaktorar som gjødsel, diesel og kraftfôr, samt sterkt auka byggekostnader, gjev uro i næringa.

Forvaltning:

Kravet til forvaltninga, vert stadig skjerpa, og særleg med omsyn til arealbrukskonflikter, og miljøkrav og naturfare, som rører ved mange saker, samt krev strengare krev til dokumentasjon og kontroll knytt til ordningane ein forvaltar, samt auka del planarbeid for å ivareta ulike dei ulike omsyna.

Samstundes har fleire nye oppgåver vorte overført frå Staten til landbruksforvaltninga dei siste åra. Samla gjer dette det krevjande å forvalte midlane over jordbruksavtalen på ein fagleg og forsvarleg forvaltningsmessig god måte, utifrå dei samla oppgåvene ein skal ivareta. Organisering med felles landbrukskontor har redusert sårbarheita i forvaltninga, og gjev i større grad moglegheit for spesialisering innan dei ulike fagområda. Interkommunalt samarbeid gjev vidare utfordringar knytt til:

- Å halde ynska god kontakt mellom ulike ledd i samarbeidskommunane.
- Stort geografisk område, og ein har mykje synfaringar knytt til ordningane ein forvaltar.
- Noko ulik organisering, og parallelle prosessar som gjev meir arbeid
- Tid til ansvarsoppgåver som fell utanom kjerneoppgåvene.
- I 2023 har ein hatt redusert kapasitet knytt til langtid sjukefråvær.

Tilgangen på veterinærdekning i næringssvake områder, er ei bekymring som gjeld i mange kommunar, også vårt område. Kjerneutfordringar er:

- Rekruttere og sikre veterinærdekning
- Næringa er heilt avhengig av velfungerande veterinærtenester
- Avgrensa næringsgrunnlag, og sårbart ved til fråfall, t.d. lengre permisjon, sjukdom, som kan gje utfordringar knytt til høg vaktbelastning
- Geografisk store vaktområde, med øyar, gjer det utfordrande med samarbeid mellom vaktområda (Solund, Hyllestad Fjaler, og Askvoll)
- Budsjett føreset at ein får øyremarka midlar/ stimuleringstilskot

11.4 Kommunebarometeret


På grunn av at landbruksforvaltninga er ulikt organisert i kommunane, samt at innbyggartal i høve tal landbrukseigedommar varierer mykje, er det vanskeleg å finne kostratal som er samanliknbare. Ved tidlegare analyser av

ressursbruken ved landbruksforvaltninga har den vore moderat i høve til samanlikningskommunar (årsrapport 2020, v/ GEG).

I 2022 gjekk ein gjennom kostnad per landbrukseigedom, for kommunane i nærområdet, ligg Askvoll på nivå med Sunnfjord (7kr/ landbrukseigedom), medan Fjaler og Hyllestad ligg på høvesvis kr 6,- og 4,-, der sistnemte er tilsvivarande snittet for indikatoren i kostragruppa.

Ser ein på organisering, tal bruk i aktiv drift, samt andre forvaltningsoppgåver knytt til jord- og skogbruk, er den felles landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad, relativt likt organisert med det interkommunale samarbeidet i Åla (Årdal, Lærdal, og Aurland). Åla kommunane er også kommunar med innbyggartal som ligg lågt i intervallet i kostragruppe 4, men over snittnivået i gruppa. Under er ei oversikt over oppgåver i dei nemnde samarbeidskommunane (2022), og diagram (Kostra Indeks) for kostnader:

<i>Forvaltningsoppgåver</i>	<i>Felles landbruksforvaltning HAF</i>	<i>Åla</i>
<i>Tal frå 2020</i>		
<i>Tal føretak</i>	266stk	170stk
<i>Jordbruksareal i drift</i>	44320da	20508 da
<i>Landbrukseigedommar</i>	1158stk	515stk
<i>Produktivt skogareal</i>	256.875 da	212.101 da




Ser ein på historikken, har ein etter etablering av felles landbruksforvaltning, oppnådd ein rasjonaliseringsgevinst, der ein har redusert kostnadane per innbyggjar med kr 57,-, i perioden 2018-2021. Samstundes har forvaltninga vorte mindre sårbar. I landbruksforvaltninga inngår også om lag ei halv stilling

knytt til merkantilt arbeid, som gjev auka kostnad, i høve det som normalt vert rekna inn under driftskostnader for landbruksforvaltning.

Omdisponering dyrka mark

Tabellen under syner omdisponering av dyrka jord (slåttemark og innmarksbeite) i perioden 2018-2021. Omdisponert areal er lågt i kommunane våre, og syner ei positiv utvikling i perioden. I sum har ein nettoauke i tal dekar slåttemark, grunna nydyrkingsarbeid.




12 Driftssentralen

12.1 Stillingsoversyn

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i % *)
Driftssentralen	Audun Strømmen	8,01	13	5,76

12.2 Sjukefråvær



Korttidsfråværet er særslågt, men eininga har i periodar hatt noko langtidsfråvær. Fråværet i 2023 var på 5,76%, noko som er under måltalet.

12.3 Beskriving av tenesta

Driftssentralen har det utførande ansvaret for drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vegar , VA-anlegg. Det er Bygg- og eigendom ,Teknisk drift ,Oppvekst og Helse og Omsorg som har det er overordna ansvaret og tingarar av tenester frå Driftssentralen. I tillegg bestiller leiarane på dei aktuelle einingane tenester frå Driftssentralen.

Vi har i dag ei firedele vaktordning på Driftssentralen. Dette er i ordning som byggjer på heimevakt og oppringing frå brukarane. Her har vi i utgangspunktet 1,5 t i utrykkingstid , men stiller så raskt vi klarer. Vi har og ei varslingstenest, Varsling-24. Denne tenesta vert nytta til å varsle innbyggjarane om planlagde hendingar og forklaringar på uønskte hendingar som leidningsbrud, arbeid på vassleidning, kloakk, ekstremvær, mm.

12.4 Viktige hendingar

Arbeidet med krisevassløysinga i den gamle demma i Holmedal sett i drift. Her har dammen blitt rehabilert og der er laga veg fram til det nye pumpehuset. Systemet vart testa og målt kapasitetsmessig, og dette var tilfredsstillande. Dette arbeidet var viktig i forhold til å kunne utføre reparasjonsarbeidet på reduksjonsventilane på Vikastølen.

Arbeidet med reduksjonsventilen vart utført i slutten av august og gjekk slik som vi hadde planlagt slik at pr. i dag er overføringsledningen trygga frå Nyksvatnet til reinseanlegget i Holmedal. Her vart det skifta og innsett stengeventilar og lufteklokker på fleire plassar. Dette var eit stort og viktig arbeid, med mykje mannskap i sving og ei stor koordinering. Arbeidet vart utført med tanke på at abonnentane ikkje skulle vere utan vatn i tidsrommet det stod på, noko som nesten gjekk. Abonnentane i Askvoll sentrum var utan vatn i ca. 2 timer etter kl. 01.30 .


Det vart vidareføring av HMT arbeidet som har på gått dei siste åra for å auke sikkerheita til operatørane .

12.5 Utfordringar framover

- Fokus på sjukefråvær.
- Internkontrollen og årshjul-Vidare arbeid.
- Veg-Store utfordringar.
- Vatn-Leidningsbrudd, gammalt og slitt utstyr.
- Avløp-gammalt og slitt utstyr.
- Tendensen vi ser med auka arbeidsmengde frå alle einingane og stadig nye bygningsmassar som skal driftas samt reduksjon i stillingar.

13 Politikk og lokaldemokrati

Det vart gjennomført kommuneval i Askvoll i 2023. Det var 2296 personar med røysterett i kommunen, 65,6% røysta i valet.



13.1 Ordførar og varaordførar



Ole André Klausen (H) er valt til ordførar for perioden 2023 - 2027. Kjell Kristian Carlsen (SP) varaordførar. Ordførar leiar møta i kommunestyret og formannskapet og er kommunen sin rettslege representant der slik mynde ikkje er tillagt andre.



13.2 Kommunestyret

Kommunestyret har 21 representantar. I perioden 2023-2027 er det 6 politiske parti som er representert i Askvoll kommunestyre.

Parti	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet (2 representantar)	Astrid Thorsen Landøy
Høgre (9 representantar)	Anja Grov Johnsen
Senterpartiet (4 representantar)	Vilde Vårdal
Sosialistisk Venstreparti (3 representantar)	Gaute Losnegård
Venstre (2 representantar)	Arnt Henning Blom
Kristeleg folkeparti (1 representant)	Oddgun K. Grane



13.3 Aktivitet

Politisk organ	Tal møter	Tal saker
Kommunestyret	9	138
Formannskapet	15	296
Komit� for plan, n�ring milj� og teknikk	8	94
Komit� for oppvekst og kultur	8	37
Komit� for helse og omsorg	6	49
Ungdomsr�det	4	23
Felles r�d for eldre og r�d for menneske med nedsett funksjonsevne	6	36
Administrasjonsutvalet	1	3
Arbeidsmilj�utvalet / N�rv�rsutval	2	4
Sakkunnig nemnd, eigedomsskatt	2	7
Valstyret	5	22
Styre for n�ringsfondsaker	5	16

Tal saker inkluderer referatsaker og delegerte saker. Klagenemnd og klagenemnd, eigedomsskatt hadde ikke m ter i 2023

14 Interkommunale samarbeid

14.1 Vertskommunesamarbeid

LAF (Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad)

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Frå 01.08.20 vart Landbruksforvaltninga i Hyllestad også slått saman med den felles landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler. Landbruksetaten vart lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset og på rådhuset i Hyllestad.

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT-samarbeidet omfattar dei kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Høyanger med Fjaler kommune som vertskommune

HAFS interkommunale barnevernsteneste

HAFS interkommunale barnevernsteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta har kontorstad i Dale og Fjaler kommune er vertskommune.

Alden hamnesamarbeid - Ytre Sogn og Sunnfjord hamn

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bremanger, Flora, Naustdal, Førde, Fjaler, Askvoll, Gauldalen, Hyllestad, Gulen og Solund.

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er oppretta for å ivareta deltagarkommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn og gjeldande forskrifter.

Samarbeidet er organisert som eit § 27-samarbeid etter kommunelova. Flora Hamn står for dagleg leiing og drift av det interkommunale samarbeidet.

Miljøretta helsevern

Kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn har inngått eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Kinn kommune er vertskommune.

Kommunane har delegert ansvar for miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving til det interkommunale samarbeidet.

Hyllestad, Askvoll og Fjaler kulturskule

Etter fleire år med kjøp av tenester vart Askvoll i 2023 ein fullverdig del av kulturskulen i Hyllestad, Askvoll og Fjaler.

14.2 Kjøp av tenester

Teneste	Kommune
Oppmåling	Fjaler
Løn	Sunnfjord
Brann	Sunnfjord
Jordmor	Askvoll sel tenester til Fjaler og Hyllestad
Psykolog	Privat selskap

14.3 Interkommunale selskap

SYS-IKL (legevaktsamarbeid)

Kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gular, Høyanger, Hyllestad, Jølster og Naustdal har etablert felles interkommunalt legevaktsamarbeid med oppstart den 01.04.09. Alle kommunane deltek i vakta på kveld/natt og helg/høgtid.

Representantskapet består av 9 medlemmar, ein frå kvar deltakarkommune

Styret består av 5 medlemar med personlege varamedlemar, valt på omgang mellom Deltakarkommunane.

Styret er samansett slik:

2 representantar frå fagadministrasjonen i deltakarkommunane

2 representantar frå familjøet i deltakarkommunane

1 representant som er politisk vald.

Representantskapet vel styret etter innstilling frå dei kommunane det skal veljast styremedlemmer frå.

SYS-IKT (IKT-samarbeid)

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord vart etablert i 2005 med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jørster, Gauldalen og Førde som medlemskommunar. I dag driftar SYSIKT IKT løysingane for Askvoll kommune, Fjaler kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Luster kommune, Solund kommune, Sunnfjord kommune og Vik kommune. Styret er samansett av kommunedirektørane i deltagarkommunane.

Sunnfjord Miljøverk

Askvoll er medeigar i Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap og skal utføre renovasjonstenestene i kommunen.

Deltakarkommunane er Askvoll, Fjaler, Sunnfjord og Hyllestad

Representantskapet skal ha minst 2 representantar frå kvar kommune, men samstundes minst ein representant pr. 2500,- innbyggjarar.

Styret skal ha eit medlemstal som svarar til folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

0 - 10000	1 medlem
10000- 15000	2 medlemer

Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap

16 kommunar i gamle Sogn og Fjordane har etablert eit interkommunalt revisjonssamarbeid som skal førestå alle lovpålagde revisjonstenester for kommunane.

SEKOM

SEKOM er sekretariat for 9 kommunale kontrollutval i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn: Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn og Sunnfjord. Selskapet er eigd av desse kommunane. Kvar av eigarkommunane har eit medlem i styret.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Alarmsentralen er ein interkommunal sentral (IKS) eigd av 16 kommunar i Vestland, Sogn og Fjordane. Frå 01.02.2021 blei naudmeldetenesta 110 og utalarmering av brannvesen flytta til 110-Vest, Bergen. Alarmsentralen IKS haldt då fram som eit respons og kompetancesenter for sine eigarkommunar. Då med hovudvekt på tryggleiksalarmer og velferdsteknologi. Vidare vil sentralen halde fram med mottak og formidling av automatiske alarmar som Brann - Heis - og andre tekniske alarmar.

15 Eigarskap

Namn på selskap	Eigardel
Visit Fjordkysten	6,214%
Lutelandet utvikling	6%
Origod Holding AS	3,84%
Origod AS	3,742%
Kystvegen Måløy - Florø AS	1,873%
Firda Billag AS	5,69 %
Bulandet eigedom	40,56 %
Sogn og Fjordane energi	1,478 %
Sogn og Fjordane Holding	2,574%
Biblioteksentralen	
SunnLab	10,079%